

Noregs Bank

Årsrapport og rekneskap 2022



Noregs Bank skal fremje økonomisk stabilitet og forvalte store verdier på vegner av fellesskapet.



2022

Nøkkeltal

Styringsrenta
blei sett opp til

2,75 %

i 2022

Årsvæksten i
konsumprisindeksen var

5,8 %

i 2022

Motsyklisk
kapitalbufferkrav var

2,0 %

ved utgangen av 2022

I oppgjerssystemet blei det gjennom-
snittleg gjort opp betalinger for

339

milliardar kroner kvar dag i 2022

Marknadsverdien til Statens
pensjonsfond utland var

12 429

milliardar kroner ved
utgangen av 2022

Marknadsverdien av
valutareservane var

610

milliardar kroner ved
utgangen av 2022

Det samla resultatet til
Noregs Bank var

-11,1

milliardar kroner i 2022

Overføring til
statskassen var

8,1

milliardar kroner i 2022

Noregs Bank
hadde

1 007

tilsette fordelt på 33 nasjonalitetar

Innhold

5 1. Om Noregs Bank

6 Forordet til sentralbanksjefen

7 Introduksjon til Noregs Bank

12 2. Årsmeldingar

13 Hovudstyret i Noregs Bank

20 Melding frå hovudstyret for 2022

40 Noregs Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet

44 Årsmelding frå komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet for 2022

56 3. Berekraft

57 Samfunnsoppdrag og berekraftstrategi

59 Klima og miljø

69 Samfunn og sosiale forhold

84 Verksemdsstyring, etikk og kultur

95 4. Strategi

96 Strategi 25

101 Strategi 2020–2022

105 5. Årsrekneskap og balanse

106 Hovedpunkter

109 Regnskap

114 Noter

221 Beretning, vedtak og uttalelse





1. Om Noregs Bank

- 6 Forordet til sentralbanksjefen
- 7 Introduksjon til Noregs Bank



Historisk høg inflasjon

Om Noregs Bank ●

Årsmeldingar ●

Berekraft ●

Strategi ●

Årsrekneskap og balanse ●

Etter tre tiår med låg og stabil inflasjon var det høg prisvekst som prega norsk og global økonomi i 2022.

2022 blei året der vi igjen blei minna på at uventa hendingar brått kan endre dei økonomiske utsiktene. I etterkant av Russlands angrep på Ukraina steig inflasjonen til dei høgaste nivåa sidan 1980-åra, både i landa rundt oss og her heime. Prisstabilitet er viktig for at økonomien skal fungere godt. Den høge prisveksten svekkjer kjøpekrafta, og det rammar særleg dei som har låge inntekter og minst å gå på. For å dempe inflasjonen har vi heva styringsrenta raskare enn vi såg for oss ved inngangen til året. Samtidig har vi lagt vekt på å ikkje bremse økonomien meir enn det som er nødvendig for å få bukt med inflasjonen.

Geopolitisk uro har stilt oss overfor nye utfordringar og endra trusselbiletet. I Noregs Bank har vi mellom anna vore opptekne av å ruste oss mot cyberhendingar som kan true den finansielle stabiliteten. Uvisse og høg inflasjon har òg prega dei globale finansmarknadene og forvaltninga av Statens pensjonsfond utland. Nedgangen i både aksje- og obligasjonsmarknadene gav ei betydeleg negativ avkastning for fondet. Samtidig førte høge olje- og gassprisar til ein historisk høg tilførsel til fondet, noko som bidrog til å halde marknadsverdien til fondet oppe.

Ei verd i endring byr på krevjande problemstillingar for både sentralbanken og fondet. I 2022 la vi fram Noregs Banks strategi for dei neste åra, Strategi 25. Strategien skal gjere oss rusta til å løyse samfunnsoppdraga våre på ein best mogleg måte framover, og han viser dei viktigaste prioriteringane våre for dei neste åra.

2022 var året der eg tok over som sentralbanksjef og Pål Longva tiltredde som visesentralbanksjef. Denne årsrapporten vitnar om at det har vore eit krevjande, men òg svært innhaldsrikt år. Eg er djupt imponert over arbeidet alle kollegaene mine i Noregs Bank har gjort i 2022, og måten dei har handtert stadig nye utfordringar på. I ei uroleg verd er det viktig at vi held fram med å utfordre tankesettet vårt og utviklar dei tilsette. Det er på den måten vi kan gjennomføre oppdraget vårt best mogleg.



2022 blei året der vi igjen blei minna på at uventa hendingar brått kan endre dei økonomiske utsiktene.

Oslo, 8. februar 2023

Ida Wolden Bache
sentralbanksjef



Introduksjon til Noregs Bank

Noregs Bank er Noregs sentralbank med ansvar for pengepolitikk og skal bidra til finansiell stabilitet og eit sikkert og effektivt betalingssystem. Banken forvaltar i tillegg Statens pensjonsfond utland og egne valutaeservar.

Om Noregs Bank

Stiftinga av Noregs Bank i 1816 var ein viktig del av nasjonsbygginga etter at unionen med Danmark var oppløyst. Stortinget gav sentralbanken to hovudoppgåver: gi ut ein eigen norsk valuta, spesidalaren, og yte lån til bedrifter og privatpersonar.

I dag driv ikkje Noregs Bank lenger med utlån direkte til allmenta. Til gjengjeld har banken fått ei rekkje andre oppgåver som vi utfører på

vegner av fellesskapet. Noregs Bank har utøvande og rådgivande oppgåver i pengepolitikken, forvaltar valutareservane i landet og Statens pensjonsfond utland, og skal bidra til effektive og robuste betalingsystem og finansmarknader. I tillegg har sentralbanken einerett på å utferde norske setlar og myntar.

Styring

Verksemnda til Noregs Bank er regulert i lov om Noregs Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova) 21. juni 2019 nr. 31. Oppgåva Noregs Bank har med å forvalte Statens pensjonsfond utland, er regulert i sentralbanklova, lov om Statens pensjonsfond og mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland, som Finansdepartementet har fastsett.

I samsvar med sentralbanklova er sentralbanksjefen dagleg leiar for Noregs Bank. Men hovudstyret tilset likevel ein eigen dagleg leiar som har ansvar for å forvalte Statens pensjonsfond utland. Hovudstyret, som består av sentralbanksjefen (leiar), visesentralbanksjefane og seks eksterne medlemmer, og dessutan to tilsettvalde representantar ved behandlinga av administrative saker, skal vidare sørge for ei forsvarleg og effektiv organisering av banken. Hovudstyret har òg ansvaret for å forvalte Statens pensjonsfond utland. Sentralbanksjefen, dei to visesentralbanksjefane og dei eksterne styremedlemmene er alle oppnemnde av Kongen i statsråd.


Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet består av sentralbanksjefen (leiar), visesentralbanksjefane og to eksterne medlemmer. Dei eksterne komitémedlemmene er oppnemnde av Kongen i statsråd. Komiteen har ansvaret for Noregs Bank si utøvande og rådgivande makt i pengepolitikken og for bruken av verkemiddel for å nå måla i pengepolitikken. Komiteen skal bidra i arbeidet med å fremje finansiell stabilitet gjennom rådgiving og ved å bruke dei tilgjengelege verkemidla.

Noregs Banks representantskap er utnemnt av Stortinget og har 15 medlemmer. Representantskapet er tilsyns- og kontrollorganet til Noregs Bank. Ansvarsområdet omfattar mellom anna å vedta budsjett etter forslag frå hovudstyret, fastsetje årsrekneskapen, velje revisor og godkjenne planane og kostnadene til revisoren.



Noregs Bank har fått ei rekkje andre oppgåver som vi utfører på vegner av fellesskapet.

Organiseringa



Organiseringa

Dei øvste organa i Noregs Bank er hovudstyret, komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet og representantskapet. Noregs Bank består av sentralbankverksemda og Norges Bank Investment Management og dessutan eit felles administrativt område – Noregs Bank Administrasjon.

Sentralbanken er leidd av sentralbanksjefen og består av fire avdelingar: Pengepolitikk, Finansiell stabilitet, Marknader og IT. Leiaren for Noregs Bank Administrasjon rapporterer òg til sentralbanksjefen.

Norges Bank Investment Management har ansvar for å forvalte Statens pensjonsfond utland. Organisasjonen har ein dagleg leiar som er tilsett av hovudstyret. Organisasjonen består av avdelingane teknologi og drift, eigarskap og etterleving, marknadsstrategi, aksjeinvesteringar, eigedoms- og infrastrukturinvesteringar, risikostyring og stab.

Organisasjonen er internasjonal med kontor i Oslo, London, New York, Shanghai og Singapore, og med dotterselskap i Tokyo, Paris og Luxembourg.



Dei øvste organa i Noregs Bank er hovudstyret, komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet og representantskapet.



Risikostyring og kontroll

I samsvar med instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank går ein regelmessig gjennom vesentlege risikoar for alle verksemdsområda.

Hovudstyret har det overordna ansvaret for risikostyring og skal sørge for at verksemda er forsvarleg organisert. Internrevisjonen støttar hovudstyret i utøvinga av ansvaret og gir ei årleg uavhengig vurdering av risikostyring og internkontroll til hovudstyret.

Rolle- og ansvarsdelinga innanfor risikostyringssystemet i banken er organisert langs tre linjer.

Førstelinje: Operative risikostyrings- og kontrollaktivitetar som blir gjennomførte i verksemda. Risikovurdering og etterleving skal vere ein integrert del av forretningsprosessane og omfattar òg styring av utkontrakterte tenester.

Andrelinje: Funksjonane for risikostyring, kontroll og etterleving skal gi råd til og støtte avdelingane. Dei skal utfordre vurderingane til førstelinja og overvake at ho gjennomfører eigna kontrollar. Andrelinja i sentralbanken og i Norges Bank Investment Management rapporterer til høvesvis sentralbanksjefen og dagleg leiar for Norges Bank Investment Management.

Tredjelinje: Internrevisjonen er underlagd hovudstyret og skal, uavhengig av administrasjonen, vurdere om risikostyring, kontroll og etterleving fungerer som føreset.

Representantskapet har eit overordna ansvar for å føre tilsyn med verksemdsdrifta og etterlevinga av formelle rammer. Representantskapet vel banken sin eksterne revisor og rapporterer årleg til Stortinget i ein eigen rapport.



Hovudstyret har det overordna ansvaret for risikostyring og skal sørge for at verksemda er forsvarleg organisert.



Pressekonferanse i mars 2022.

2. Årsmeldingar

- 13 Hovudstyret i Noregs Bank
- 20 Melding frå hovudstyret for 2022
- 40 Noregs Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet
- 44 Årsmelding frå komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet for 2022



Hovudstyret i Noregs Bank

Om Noregs Bank ●

Årsmeldingar ●

Berekraft ●

Strategi ●

Årsrekneskap og balanse ●

Hovudstyret består av sentralbanksjefen, dei to vise-sentralbanksjefane og seks eksterne styremedlemmer, som alle er oppnemnde av Kongen i statsråd. I tillegg blir to styremedlemmer valde av og blant dei tilsette til å delta i behandlinga av administrative saker.

Sentralbanksjefen er leiar, og visesentralbanksjefane er høvesvis første og andre nestleiar. Hovudstyret har fire saksførebuande og rådgivande utval som gjennom arbeidet sitt skal styrkje og effektivisere drøftingane i hovudstyret.



Mona Helen Sørensen, Egil Herman Sjursen, Kjersti-Gro Lindquist, Pål Longva, Hans Aasnæs, Arne Hyttnes, Øystein Børsum, Nina Udnes Tronstad, Kristine Ryssdal, Ida Wolden Bache, Karen Helene Ulltveit-Moe.

Revisjonsutvalet

Oppgåvene til revisjonsutvalet er, i samsvar med instruks for risikostyring og internkontroll i Noregs Bank, retta inn mot oppfølging, tilsyn og kontroll med rekneskapsrapportering, operasjonell risiko, etterleving og systema for risikostyring og intern kontroll.

Revisjonsutvalet har tre medlemmer som er valde av og blant dei eksterne hovudstyremedlemmene. Internrevisjonen skal gi utvalet nødvendig assistanse.

Godtgjersleutvalet

Godtgjersleutvalet skal bidra til grundig og uavhengig behandling av saker som gjeld godtgjersleordningane til banken. Hovudstyret har bestemt at det lovpålagde godtgjersleutvalet for kapitalforvaltinga òg skal førebu saker på sentralbankverksemda sitt område.

Utvalet har tre medlemmer som er valde blant dei eksterne medlemmene i hovudstyret, og éin medlem som er vald blant dei tilsettvalde styremedlemmene.

Eigarskapsutvalet

Eigarskapsutvalet skal førebu hovudstyret si behandling av saker som gjeld den ansvarlege forvaltingsverksemda til banken. Utvalet førebur mellom anna saker om utestenging og observasjon av selskap frå investeringsuniverset for Statens pensjonsfond utland innanfor dei rammene som er gitt i mandatet frå Finansdepartementet og i etiske retningslinjer for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland.

Eigarskapsutvalet har tre medlemmer og blir leidd av visesentralbanksjefen med særskilt ansvar for å følgje opp forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Dei to andre medlemmene blir valde blant dei eksterne medlemmene i hovudstyret.



Noregs Bank forvaltar fondet med sikte på å få høgast mogleg avkastning over tid innanfor dei rammene som mandatet frå Finansdepartementet set.

Risiko- og investeringsutvalet

Risiko- og investeringsutvalet skal bidra til å styrkje og effektivisere hovudstyret sitt arbeid med investeringsstrategi, gjeldande eksponering, vurderingar av resultat, fastsetjing og utnytting av risikorammer og dessutan særleg store og viktige investeringsavgjerder.

Risiko- og investeringsutvalet har tre medlemmer og blir leidd av visesentralbanksjefen med særskilt ansvar for å følgje opp forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Dei to andre medlemmene blir valde blant dei eksterne medlemmene i hovudstyret.

14
møte i hovudstyret.

212
behandla saker.

Arbeidet til hovudstyret i 2022

I 2022 har hovudstyret hatt 14 møte og behandla 212 saker. Hovudstyret nyttar i tillegg seminarforma til meir utdjupande presentasjonar og drøfting med administrasjonen om premissane for viktige saker som kjem på styreagendaen.

I tillegg bruker dei fire underutvala tid på å førebu utvalde saker som skal behandlast i hovudstyret.

Tidsbruken for 2018 og 2019 var relativt jamt fordelt mellom sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga. For perioden 2020–2022 har kapitalforvaltinga stått for om lag 2/3 av tidsbruken i hovudstyret. Dette er ein konsekvens av den nye sentralbanklova, der den nyetablerte komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet har fått ansvar for fagområde som tidlegare låg til hovudstyret.

TABELL 1 Arbeidet til hovudstyret 2018–2022.

	2018	2019	2020	2021	2022
Styremøte	18	18	20	14	14
Styreseminar	10	11	4	5	6
Styresaker	232	242	222	228	212
Utvalsmøte					
Revisjonsutvalet	7	5	7	11	7
Godtgjersleutvalet ¹	6	4	5	7	4
Eigarskapsutvalet	5	5	7	9	7
Risiko- og investeringsutvalet	6	7	10	13	13

¹ Før 2020 heitte godtgjersleutvalet kompensasjonsutvalet.

Hovudstyremedlemmene

Om Noregs Bank ●

Årsmeldingar ●

Berekraft ●

Strategi ●

Årsrekneskap og balanse ●

Ida Wolden Bache

Utnevd som sentralbanksjef frå 8. april 2022 til 2028. Bache er leiar av hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Bache har erfaring som visesentralbanksjef, avdelingsdirektør for pengepolitikk og avdelingsdirektør for finansiell stabilitet i Noregs Bank. Bache har òg vore makroøkonom i Handelsbanken Capital Markets. Ho var medlem av Det Systemiske Risikoråd i Danmark frå 2017 til 2022. Bache er samfunnsøkonom med doktorgrad frå Universitetet i Oslo og mastergrad frå London School of Economics.



Pål Longva

Utnevd som visesentralbanksjef frå 29. august 2022 til 2028. Longva har særskilt ansvar for sentralbankverksemda og er første nestleiar i hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Longva har erfaring som ekspedisjonssjef i finansavdelinga i Finansdepartementet. Han har jobba i McKinsey og vore avdelingsdirektør og ekspedisjonssjef i Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Longva har doktorgrad i samfunnsøkonomi frå Universitetet i Oslo.



Øystein Børsum

Utnevd som visesentralbanksjef frå 2. august 2021 til 2027. Børsum har særskilt ansvar for Noregs Bank si oppgåve med å forvalte Statens pensjonsfond utland og er andre nestleiar av hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Børsum har erfaring som sjeføkonom i Swedbank og frå Finansdepartementets økonomiavdeling og avdeling for formuesforvaltning. Børsum er siviløkonom frå Noregs handelshøgskole og har mastergrader frå Sciences Po og London School of Economics og doktorgrad i samfunnsøkonomi frå Universitetet i Oslo.



Karen Helene Ulltveit-Moe

Oppnemnd som styremedlem til 15. mai 2024. Leiar av revisjonsutvalet og medlem av godtgjersleutvalet i hovudstyret.

Ulltveit-Moe er professor ved Økonomisk institutt, Universitetet i Oslo. Ho er styreleiar ved Noregs handelshøgskole og har brei styreefaring frå næringslivet. Ulltveit-Moe har òg vore leiar og medlem av ei rekkje offentlege utval. Primærforskningsfeltet hennar ligg innanfor internasjonal økonomi og skatte- og næringspolitikk. Ho er Research Fellow ved Centre for Economic Policy Research (CEPR) og CESifo og vald medlem av Det Norske Videnskaps-Akademi. Ulltveit-Moe er siviløkonom frå Universitæt Mannheim og dr.oecon. frå Noregs handelshøgskole.

**Kristine Ryssdal**

Oppnemnd som styremedlem til 15. mai 2026. Medlem av eigarskapsutvalet og godtgjersleutvalet i hovudstyret.

Ryssdal er juridisk direktør i Yara. Ho har òg tidlegare erfaring frå næringslivet som VP Legal i Statoil (no Equinor), juridisk direktør i REC og advokat i Norsk Hydro. I tillegg har ho mange års erfaring frå Regjeringsadvokaten. Ho var tidlegare styremedlem i Borregaard ASA, har sete i ulike styre i REC-konsernet og vore medlem av representantskapet i Kommunalbanken. Ryssdal er jurist frå Universitetet i Oslo og har Master of Laws frå London School of Economics. Ho er òg advokat med møterett for Høgsterett.

**Arne Hyttnes**

Oppnemnd som styremedlem til 15. mai 2026. Leiar av godtgjersleutvalet og medlem av revisjonsutvalet i hovudstyret.

Hyttnes har lang erfaring frå finansnæringa, mellom anna frå DnC/DnB, Sparebankforeningen, Finans Norge og Bankenes sikringsfond. Hyttnes var administrerande direktør for SND i fire år og har styreefaring frå mellom anna NHH og Ungt Entreprenørskap. Hyttnes er siviløkonom frå Noregs handelshøgskole.



Hans Aasnæs

Oppnemnd som styremedlem til 15. mai 2024. Medlem av risiko- og investeringsutvalet i hovudstyret.

Aasnæs er administrerande direktør i shippingselskapet Western Bulk ASA. Han er styreleiar i Strand Havfiske, Nordic Trustee og Investinor. Aasnæs har lang erfaring frå kapitalforvaltning, eigeomsforvaltning og direkteinvesteringar mellom anna frå Storebrand og UMOE. Han har òg brei styreefaring frå mellom anna Folketrygdfondet, Statskog, Gjensidige pensjonsforsikring, Bergvik Skog, Foran Real Estate og Fornebu Lumber Company. Aasnæs er sivilagronom frå Noregs landbrukshøgskole (no NMBU), har høgare avdeling frå NHH og er autorisert finansanalytiker.

**Nina Udnes Tronstad**

Oppnemnd som styremedlem til 15. mai 2026. Medlem av revisjonsutvalet og eigarskapsutvalet i hovudstyret.

Udnes Tronstad er profesjonell styremedlem. Ho er styreleiar i Source Energy og styremedlem i Bladt Industries og Prosafe. Ho har vore konserndirektør i Kværner og Statoil (no Equinor). Ho har tidlegare vore styremedlem i mellom anna Peab AB, Trelleborg AB, Rambøll, Giek (no Eksfin) og NTNU. Udnes Tronstad er sivilingeniør frå NTNU.

**Egil Herman Sjørnsen**

Oppnemnd som styremedlem til 15. mai 2024. Medlem av risiko- og investeringsutvalet i hovudstyret.

Sjørnsen gjekk av som administrerande direktør i Holberg Fondsforvaltning AS i 2018 etter tolv år i stillinga. Han har hatt leiarstillingar innanfor kapitalforvaltning i DNB (inkludert London), Vesta Forsikring og Nordea Investment Management sidan slutten av 1980-åra. Sjørnsen er i dag styreleiar i Bergen Filharmoniske Orkester, Stiftelsen Unifob, Nysnø Klimainvesteringer AS og kontrollorganet NIBOR Oversight Committee. Sjørnsen har hatt ei rekkje ulike styreposisjonar. Sjørnsen er cand.polit. med hovudfag i sosialøkonomi frå Universitetet i Bergen.



Mona Sørensen

Representant for dei tilsette frå 1. januar 2016.

Medlem av godtgjersleutvalet i hovudstyret.

Leiar og hovudtillitsvald i Finansforbundet i Noregs Bank. Sørensen har ein bachelor i økonomi og administrasjon og ein Executive Master of Management med spesialisering i anvend organisasjonspsykologi frå Handelshøgskolen BI.

Marianne Depraetere er varamedlem for Mona Sørensen.



Truls Oppedal

Representant for dei tilsette frå 1. januar 2021.

Nestleiar i styret i Akademikerne. Oppedal har master i Business and Finance frå Heriot-Watt University i Edinburgh, Skottland.

Kjersti Gro Lindquist er varamedlem for Truls Oppedal.





Melding frå hovudstyret for 2022

2022 blei nok eit annleis år for Noregs Bank. Pandemien og krigen påverka heile Noregs Banks verksemd og arbeidet til medarbeidarane.

Inngangen til 2022 var prega av pandemien. Lokala på Bankplassen var stengde ned, og dei fleste medarbeidarane arbeidde på heimekontor. Då regjeringa varsla at Noreg kunne gjenopnast 12. februar, opna banken igjen for arbeid på kontoret.

Berre få dagar etter gjenopninga, 24. februar, invaderte Russland Ukraina. Konsekvensane av krigen og etterdønningane av pandemien påverka arbeidet til Noregs Bank i heile 2022. Dei tilsette har arbeidd hardt i ei krevjande tid. Hovudstyret er nøgd med at medarbeidarane har levert gode resultat med fagleg høg kvalitet, og vil rette ein stor takk til dei tilsette. 2022 var prega av store rørsler i dei globale finansmarknadene. Russlands invasjon av Ukraina bidrog mellom anna til sterk vekst i energiprisane i

“

Dei tilsette har arbeidd hardt i ei krevjande tid og kan vise til gode resultat med fagleg høg kvalitet.

Europa. Saman med høg etterspurnad og avgrensingar på tilbodssida i økonomien gav det ein markert oppgang i inflasjonen internasjonalt. Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet har derfor heva renta meir og raskare enn prognosane indikerte ved inngangen til 2022. Les meir om dette i [meldinga frå komiteen](#).

Avkastinga i Statens pensjonsfond utland følgjer utviklinga i den globale aksje- og obligasjonsmarknaden tett. I 2022 har rentenivåa stige, og både aksje- og obligasjonsmarknaden gav negativ avkasting. Den svake utviklinga gjennom året gjorde at Statens pensjonsfond utland hadde ei samla avkasting på -14,1 prosent. Ved utgangen av 2022 var marknadsv verdien til fondet 12 429 milliardar kroner.

Noregs Bank har i 2022 arbeidd med å utvikle betalingssystemet på fleire område. Banken har innleidd ein formell dialog med Den europeiske sentralbanken om mogleg deltaking i eurosyste met si løysing for oppgjer av realtidsbetalingar. Utgreiinga av digitale sentralbankpengar har halde fram, og Noregs Bank samarbeider med Finanstilsynet om å teste cybersikkerheita etter rammeverket TIBER i Noreg.

2022 var siste året av strategiperioden 2020–2022. Det er hovudstyret si vurdering at Noregs Bank i all hovudsak realiserte ambisjonane i strategien, trass i at situasjonen endra seg drastisk med pandemi og krig. I november 2022 vedtok hovudstyret strategien for dei neste tre åra, Strategi 25. Han består av ein overordna strategi for institusjonen Noregs Bank og éin strategi for kvart av verksemdsområda til sentralbanken og Norges Bank Investment Management. Les meir om [strategien i kapittel 4](#).

I 2022 var det fleire endringar i leiinga i Noregs Bank. Sentralbanksjef Øystein Olsen varsla i 2021 at han ønskte å fråtre 1. mars 2022. Vise-sentralbanksjef Ida Wolden Bache blei mellombels tilsett som sentralbanksjef frå 1. mars 2022 og blei utnemnd som sentralbanksjef frå 8. april 2022. 29. august begynte Pål Longva som visesentralbanksjef etter Ida Wolden Bache.



2022 var prega av store rørsler i dei globale finansmarknadene.

Forvaltinga av Statens pensjonsfond utland

Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland på vegner av Finansdepartementet. Mandatet er å forvalte med sikte på å få høgast mogleg avkastning over tid innanfor ein akseptabel risiko og dei rammene som mandatet frå Finansdepartementet set.

Forvaltinga i 2022

Ved utgangen av 2022 var marknadsverdien til Statens pensjonsfond utland 12 429 milliardar kroner. Marknadsverdien blir påverka av avkastinga på investeringane, kapitaltilførsel og uttak frå staten og endringar i valutakursar.

Avkastinga i 2022 svarte til -1 637 milliardar kroner. Endringar i kronekursen auka marknadsverdien med 642 milliardar kroner, men det har ingenting å seie for den internasjonale kjøpekrafta til fondet. Innskotet frå den norske staten var netto 1 085 milliardar kroner etter utbetalt forvaltingsgodtgjersle. Det er den største årlege tilførsla av ny kapital sidan fondet blei oppretta. Dei tilførte midlane blei fasa inn i fondet på ein effektiv måte.

Investeringane var ved årsskiftet fordelte med 69,8 prosent i aksjar, 27,5 prosent i rentepapir, 2,7 prosent i unotert eigedom og 0,1 prosent i unotert infrastruktur for fornybar energi.

I 2022 var fondsavkastinga før forvaltingskostnader -14,1 prosent målt i valutakorga til fondet. Aksjeavkastinga var -15,4 prosent og obligasjonsavkastinga -12,1 prosent. Avkastinga på investeringar i unotert eigedom var 0,1 prosent, og i unotert infrastruktur for fornybar energi var avkastinga 5,1 prosent. Forvaltingskostnadene utgjorde til saman 0,04 prosent av forvalta kapital.

Noregs Bank forvaltar fondet tett opp mot referanseindeksen, men alle investeringsprosessane har aktive element. Det gjer Noregs Bank betre i stand til å oppnå høgast mogleg avkastning og vere ein ansvarleg investor. Noregs Bank nyttar ulike investeringsstrategiar i forvaltinga, og desse er delt inn i hovudstrategiane marknadseksposering, verdipapirseleksjon

12 429 mrd.

kroner i
marknadsvardi ved
utgangen av 2022.



og allokering. Noregs Bank har rapportert bidraga til meiravkasting frå dei same tre strategiane i heile perioden 2013–2022, men over tid har det vore gjort endringar i innretninga innanfor kvar strategi.

Den største delen av fondet blir forvalta gjennom strategien for marknads-eksponering. Hovudmålet med denne strategien er å oppnå eksponeringa som følgjer av referanseindeksen så kostnadseffektivt som mogleg. For å redusere transaksjonskostnadene prøver ein å unngå mekanisk gjennomføring av indeksendringar. I tillegg blir det skapt meiravkasting ved å følgje ulike indekseringsstrategiar.

Verdipapirseleksjon er basert på fundamental analyse, og banken nyttar både interne og eksterne mandat. Spesialistkompetanse og delegerede mandat legg til rette for å ta investeringsavgjerdar uavhengig av konsensus i marknaden.

Allokering var den strategien som gav det største positive bidraget til meiravkasting i 2022. Allokeringsstrategien byggjer på at lang investeringshorisont og avgrensa behov for likviditet gjer det mogleg å tole store svingingar i fondsverdien og å investere sjølv om det kan ta lang tid å realisere underliggjande verdiar. Investeringane i unotert eigedom og unotert infrastruktur for fornybar energi er ein del av allokeringsstrategien. Noregs Bank kan òg opptre annleis enn andre fond i krevjande marknads-situasjonar. Ved inngangen til året hadde porteføljen ein noko lågare aksjeandel og kortare løpetid på investeringar i obligasjonar enn referanseindeksen. Det bidrog til at fondsavkastinga var høgare enn i referanseindeksen i 2022.

Noregs Bank nyttar dei ulike strategiane på tvers av aktivaklassane til fondet. Dei relative resultatbidraga fordelt på forvaltninga av aksjar, renter og realaktiva viser at obligasjonsforvaltninga gav det største bidraget til samla meiravkasting.

Noregs Bank oppnådde i 2022 ei samla avkasting før forvaltingskostnader som var 0,87 prosentpoeng høgare enn avkastinga på referanseindeksen til fondet. Hovudstyret merkjer seg at alle dei tre hovudstrategiane bidrog til denne meiravkastinga.



Noregs Bank forvaltar fondet med sikte på å få høgast mogleg avkasting over tid innanfor dei rammene som mandatet frå Finansdepartementet set.

Resultat målte over tid

Hovudstyret legg vekt på at resultatata må vurderast over tid, og er nøgd med at avkastinga både i 2022 og over tid har vore høgare enn avkastinga på referanseindeksen som forvaltinga blir målt mot.

I perioden 1998–2022 har den årlege avkastinga for fondet vore 5,7 prosent. Årleg netto realavkastning, etter frådrag for inflasjon og forvaltingskostnader, har vore 3,5 prosent i denne perioden.

I heile perioden 1998–2022 har den årlege avkastinga før frådrag for forvaltingskostnader vore 0,30 prosentpoeng høgare enn avkastinga på referanseindeksen frå Finansdepartementet. I perioden sidan 2013, som er den perioden der strategiane har vore delte inn i marknadeksponering, verdipapirseleksjon og allokering, har den årlege meiravkastinga før forvaltingskostnader vore på 0,33 prosentpoeng. Bidraga frå dei tre hovudstrategiane viser at allokering har gitt eit lite, negativt bidrag til relativ avkastning. Bidraga frå både marknadeksponering og verdipapirseleksjon har vore positive.

Målet om høgast mogleg avkastning skal nåast med ein akseptabel risiko. Risikoen skal målast, analyserast og følgjast opp ved bruk av eit breitt sett av måltal og ulike typar analysar. Det følgjer av mandatet at Noregs Bank skal leggje opp forvaltinga med sikte på at forventa relativ volatilitet ikkje overstig 1,25 prosentpoeng. Ved utgangen av 2022 var forventa relativ volatilitet 0,39 prosentpoeng, mot 0,50 prosentpoeng ved førre årsskifte.

Målt over heile perioden 1998–2022 har den realiserte relative volatiliteten vore 0,65 prosentpoeng.

Forvaltinga av Statens pensjonsfond utland skal vere kostnadseffektiv. Ei kostnadseffektiv gjennomføring av forvaltinga bidreg til målet om høgast mogleg avkastning etter kostnader. I perioden 2013–2022 har dei årlege forvaltingskostnadene vore 0,05 prosent av forvalta kapital. I 2022 var dei samla forvaltingskostnadene 5,2 milliardar kroner, som svarer til 0,04 prosent av forvalta kapital. Hovudstyret er nøgd med at forvaltingskostnadene er låge samanlikna med andre forvaltarar.

5,7 %

gjennomsnittleg årleg avkastning i tidsrommet 1998–2022.



Vidareutvikling av forvaltninga

Hovudstyret i Noregs Bank fastsette ein ny strategisk plan for forvaltninga i slutten av 2022. Planen byggjer på tidlegare vedtekne strategiplanar og legg opp til mindre justeringar av innretninga innanfor dagens tre hovudstrategiar. Strategiane utfyller kvarandre og søker å utnytte storleiken på fondet og den lange investeringshorisonten.


Det følgjer av mandatet frå Finansdepartementet at den ansvarlege forvaltninga skal vere ein integrert del av fondsforvaltninga. God avkastning på lang sikt blir rekna for å avhenge av ei berekraftig utvikling i økonomisk, miljømessig og samfunnsmessig forstand. Handteringa av klimarisiko er eit prioritert område innanfor ansvarleg forvaltning. Finansdepartementet tok inn ei eiga målformulering om dette i mandatet til Noregs Bank i 2022 og innførte nye krav om måling, styring og rapportering av klimarisiko. Hovudstyret er nøgd med at Noregs Bank har publisert ein tydeleg klimahandlingsplan for perioden 2022–2025.

Arbeidet med å integrere omsynet til ansvarleg forvaltning er omtalt i kapittelet [Arbeid med berekraft i Noregs Bank](#).

Les meir om forvaltninga av fondet i [Årsrapport 2022, Statens pensjonsfond utland](#).



God avkastning på lang sikt blir rekna for å avhenge av ei berekraftig utvikling i økonomisk, miljømessig og samfunnsmessig forstand.



Forvaltinga av valutareservane

Valutareservane blir haldne for beredskapsformål og skal kunne nyttast til transaksjonar i valutamarknaden som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken, ut frå omsynet til finansiell stabilitet og for å møte dei internasjonale forpliktingane til Noregs Bank. Det blir lagt stor vekt på at valutareservane er plasserte i likvide papir. Forvaltinga av valutareservane er retta inn mot å oppnå høgast mogleg avkastning innanfor rammene som gjeld for forvaltinga.

Forvaltinga i 2022

Marknadsverdien av valutareservane var 610,0 milliardar kroner ved utgangen av 2022. Det er 32,6 milliardar kroner mindre enn i 2021. Valutareservane er delte inn i ein aksjeportefølje, ein renteportefølje og petrobufferporteføljen. Verdien av aksjeporteføljen var 110,4 milliardar kroner, verdien av renteporteføljen var 472,0 milliardar kroner, og petrobufferporteføljen utgjorde 27,6 milliardar kroner.

Avkastning målt i internasjonal valuta reduserte verdien med 53,1 milliardar kroner i 2022. Aksje- og renteporteføljen bidrog med høvesvis -15,9 milliardar og -38,7 milliardar kroner. Svakare kronekurs auka verdien med 44,3 milliardar. Netto utflyt var 25,6 milliardar kroner, i all hovudsak frå petrobufferporteføljen.

I 2022 var avkastninga til aksje- og renteporteføljen -9,4 prosent målt i internasjonal valuta. Aksjeinvesteringane hadde ei avkastning på -16,8 prosent, mens renteinvesteringane hadde ei avkastning på -7,5 prosent. Målt i kroner var avkastninga totalt -2,5 prosent. Bakgrunnen for resultatata er lågare aksjekursar og høgare renter globalt. Ei svakare krone dempa utslaga målt i norske kroner.

Valutareservane blir forvalta nær referanseindeksar som hovudstyret har fastsett, og avkastninga følgjer utviklinga i den globale aksje- og obligasjonsmarknaden tett. I 2022 var avkastninga til aksje- og renteporteføljen høvesvis 0,1 og 0,07 prosentpoeng høgare enn avkastninga til dei tilhøyrande referanseindeksane. Hovudstyret er nøgd med at avkastninga var høgare enn i referanseindeksane i eit år med negativ avkastning.

610,0 mrd.
kroner i valutareservar
ved utgangen av 2022.

Ekstraordinært høge olje- og gassprisar i 2022 medførte ekstra kapitalflyt og store svingingar i petrobufferporteføljen gjennom året. Formålet med petrobufferporteføljen er å sørge for ei formålstenleg handtering av statens behov for veksling mellom utanlandsk valuta og norske kroner og gjere overføringar til og frå Statens pensjonsfond utland. Porteføljen svingar normalt i verdi som følgje av kjøp og sal av valuta i marknaden, kjøp av valuta frå Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE) og månadlege overføringar til og frå Statens pensjonsfond utland. Til saman blei det inngått kontraktar for meir enn 26 000 milliardar kroner innanfor valutareservane.

Arbeidet med å integrere omsynet til ansvarleg forvaltning i valutareservane er omtalt i kapittelet [Samfunnsoppdrag og berekraftstrategi](#). Les meir om korleis valutareservane blir forvalta, i rapporten [Forvaltning av Norges Banks valutareserver](#).

Forvaltninga av statsgjeld

Noregs Bank gjennomfører opptak av statslån på vegner av Finansdepartementet.

Statens lånebehov blir i hovudsak dekt gjennom opptak av langsiktige lån i marknaden, statsobligasjonar, med fast rente. Staten låner òg kortsiktig gjennom sal av statskassevekslar, som er lån med løpetid på eitt år eller kortare. Staten låner berre i norske kroner.

Forvaltninga i 2022

Ved utgangen av 2022 var statsgjelda 596 milliardar kroner, fordelt på 532 milliardar kroner i statsobligasjonar og 64 milliardar kroner i statskassevekslar. Av dette sat staten med ei eigenbeholdning på 66 milliardar kroner i obligasjonar og 24 milliardar kroner i vekslar.

Det blei lånt 20 milliardar kroner i eit nytt 10-års obligasjonslån i februar ved syndikering. I september blei det gjennomført ei syndikering på 10 milliardar kroner i eit nytt 20-års obligasjonslån. Det var første gong det blei lagt ut eit norsk statsobligasjonslån med løpetid på meir enn elleve år. Eksisterande lån blei utvida med 34 milliardar kroner ved 17 auksjonar.



596 mrd.
kroner i statsgjeld ved
utgangen av 2022.

Det blei emittert 12 milliardar kroner til eigenbeholdninga til staten i løpet av året.

Det blei emittert statskassevekslar for 57,65 milliardar kroner til marknaden gjennom 18 auksjonar. Det blei òg emittert 24 milliardar kroner til eigenbeholdninga til staten i løpet av året.

I 2022 var den gjennomsnittlege auksjonspremien, målt som differansen mot samtidig midtrete i marknaden, ved obligasjonsopplåninga -0,002 prosentpoeng, mot 0,022 prosentpoeng i 2021. På grunn av høg volatilitet og uvisse i statspapirmarknadene både ute og heime tillét Noregs Bank i slutten av juni at primærhandlarane stilte større renteforskjellar enn normalt i interbankmarknaden for obligasjonar og vekslar. Unntaket blei vidareført i fleire omgangar og var gjeldande ved utgangen av året.

Den gjennomsnittlege renta for obligasjonane som blei emitterte i 2022, var 2,76 prosent, mot 1,24 prosent i 2021. Oppgangen skriv seg frå ein generell auke i rentenivået.

Hovudstyret er nøgd med korleis statsgjelda er blitt forvalta i 2022.

Betalingssystemet

Noregs Bank skal fremje eit effektivt, sikkert og attraktivt betalingssystem. Noregs Bank er det øvste oppgjerssystemet for betalingar mellom bankane i Noreg og utferdar dessutan setlar og myntar. Noregs Bank overvakar betalingssystemet og annan finansiell infrastruktur, bidreg til beredskapsløysingar og er tilsynsmyndigheit for interbanksystem. Drifta av den finansielle infrastrukturen i Noreg har vore stabil i 2022.

Oppgjerssystemet til Noregs Bank

I oppgjerssystemet til Noregs Bank blir det utført betalingar mellom bankar og andre føretak i finansiell sektor som har konto i Noregs Bank. Dei fleste betalingar i norske kroner blir derfor i siste instans gjorde opp i oppgjerssystemet til Noregs Bank. Drifta av oppgjerssystemet har vore stabil i 2022. I 2022 blei det i gjennomsnitt gjort opp betalingar for om lag 339 milliardar kroner kvar dag. Ved utgangen av 2022 hadde bankane folio- og reserveinnskot i Noregs Bank på i alt 26,3 milliardar kroner.



Noregs Bank skal fremje eit effektivt, sikkert og attraktivt betalingssystem.

Utgreiinga av digitale sentralbankpengar er no inne i den fjerde fasen. Fram til sommaren 2023 vil banken gjennomføre eksperimentell testing av ulike tekniske løysingar for digitale sentralbankpengar. Det blir òg arbeid vidare med å analysere formålet med og konsekvensane av ei mogleg innføring. Som ein del av Strategi 25 har hovudstyret vedteke at vi i Noregs Bank i strategiperioden skal gjere oss klare til eventuelt å kunne innføre digitale sentralbankpengar.

Cybersikkerheit i det finansielle rommet

Cyberhendingar har potensial til å true det finansielle systemet og finansiell stabilitet. Internasjonalt er det brei semje om at ein må gjere den finansielle sektoren meir motstandsdyktig mot cyberangrep. Det krev samhandling mellom offentlege myndigheiter og private aktørar. Noregs Bank samarbeider med Finanstilsynet om å innføre testing av cybersikkerheit etter rammeverket TIBER i Noreg (TIBER-NO) for å styrkje cybersikkerheita i det finansielle systemet. Føretak med ansvar for kritiske funksjonar i bank- og betalingssystemet har takka ja til å bli med i TIBER-NO forum. Hausten 2022 starta dei første testane.

Les meir om betalingssystemet i rapporten [Finansiell infrastruktur 2022](#).



Truslane mot grunnleggjande nasjonale interesser og kritisk infrastruktur kjem i stadig større grad frå det digitale rommet.

Medarbeidarar

Ved utgangen av 2022 hadde Noregs Bank 1007 fast tilsette. Av desse er 572 tilsette i Norges Bank Investment Management, 272 i sentralbankverksemda, 156 i Noregs Bank Administrasjon og 7 i tilsynssekretariatet. Banken har medarbeidarar frå til saman 39 nasjonar og har kontor i Oslo, London, New York, Shanghai og Singapore. I tillegg har Noregs Bank dotterselskap i London, Paris, Luxembourg og Tokyo.

Kompetente medarbeidarar er viktig for at Noregs Bank skal kunne oppfylle samfunnsoppdraga sine. Det blir stilt krav til kompetanse, innsikt og høg grad av integritet hos dei tilsette.

Noregs Bank arbeider systematisk for å tiltrekke seg og rekruttere dei beste kandidatane frå dei fremste fagmiljøa nasjonalt og internasjonalt. Vi arbeider kontinuerleg med karriereutvikling, mellom anna gjennom målretta kurs og studium.



Gjennom mangfold blant dei tilsette ønskjer banken å løfte fram fleire perspektiv i dei faglege diskusjonane, noko som bidreg til at vi er i front på fagområda våre.

Tilsette i Noregs Bank

39
nasjonar

5
kontor

1 007
fast tilsette

Norges Bank Investment Management
572

Sentralbanken
272

Noregs Bank Administrasjon
156

Tilsynssekretariatet
7

● Vi har òg eigedomskontor i Tokyo, Luxembourg og Paris med til saman 23 tilsette.

Noregs Bank prøver å oppnå god kjønnsbalanse og stort mangfold blant dei tilsette. Målet vårt er å ha ein kjønnsbalanse på minimum 40 prosent for banken samla sett, og vi har ein ambisjon om å få fleire kvinner inn i leiande stillingar og i spesialistfunksjonar. Noregs Bank er ein av initiativtakarane til Kvinner i Finance Charter.

Kvinneandelen blant dei fast tilsette i Noregs Bank ved utgangen av 2022 var 35 prosent, mot 34 prosent i 2021. I dei ulike områda var kvinneandelen høvesvis 29 prosent i Norges Bank Investment Management, 35 prosent i sentralbanken og 57 prosent i Noregs Bank Administrasjon.


Hovudstyret er ikkje nøgd med den samla kvinneandelen og vil følgje arbeidet med å nå måtalet tett.

Forholdet mellom bankleiinga, dei tilsette og dei tillitsvalde skal vere basert på dialog, tillit og gjensidig respekt. Bankleiinga har god kontakt med fagforeiningane, mellom anna i medarbeidar- og personalutvalet, i arbeidsmiljøutvalet og i jamlege kontaktmøte med fagforeiningsrepresentantar på fleire nivå i banken.


Noregs Bank prioriterer å verne om livet og helsa til medarbeidarane sine. I 2022 blei det rapportert om ni hendingar/skadar som var direkte knytte til arbeid i lokala til Noregs Bank. Ingen skadar eller ulykker frå kontorverksemda er alvorlege, og ingen av dei er melde til Arbeidstilsynet som yrkesskade i 2022. Sjukefråværet er stabilt lågt og var i 2022 på 2,3 prosent.

Les meir om medarbeidarane i kapitlet [Verksemdsstyring, etikk og kultur](#).

Kjønnsbalanse



35 %
kvinneandel ved
utgangen av 2022.



Verksemdsstyring


Noregs Bank skal ha ei verksemdsstyring som er i tråd med beste praksis. Hovudstyret følgjer opp verksemda gjennom periodisk rapportering av resultat og mål, handlingsplanar, budsjett, finansiell og operasjonell risiko og etterleving.

Noregs Bank skal vere kostnadseffektiv og ha ein forsvarleg ressursbruk samanlikna med liknande verksemdar. Vi nyttar mellom anna eksterne samanlikningar («benchmarking») av ressursbruken til banken mot andre liknande organisasjonar som verktøy i verksemdsstyringa. I 2022 er det gjennomført ei samanlikning av kostnadene for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland med 270 andre fond. For å skape best mogleg samanlikningsgrunnlag er det teke omsyn til storleik og samansetjing av aktiva. Statens pensjonsfond utland er det fondet i samanlikningsgruppa som har lågast kostnader, målt som andel av forvalta kapital.

Noregs Bank følgjer instruksjonen om risikostyring og internkontroll som Finansdepartementet har fastsett. Hovudstyret har etablert prinsipp for risikostyring. I tillegg fastset Finansdepartementet rammer for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland, mellom anna for allokering av aktiva-klassar og referanseindeks. Tilsvarende fastset hovudstyret rammer for valutareserveforvaltinga. Det har ikkje vore nokon brot på rammene for forvaltinga av fondet eller valutareservane i 2022. Verdivurderingar, avkastingsmåling, styring og kontroll av risiko i forvaltinga følgjer internasjonalt anerkjende standardar og metodar. Ei nærmare utdjuing er å finne i rekneskapsrapporteringa.

Rapportering og oppfølging av risikoar og hendingar utgjer ein viktig del av tiltaka for å forbetre drifta og internkontrollen. Vesentlege risikoar blir følgde opp gjennom regelmessig rapportering og oppfølging av tiltak til hovudstyret. For Norges Bank Investment Management har hovudstyret fastsett ein tolv månaders risikotoleranse der det skal vere mindre enn 20 prosent sannsynleg at operasjonelle risikofaktorar vil føre til 750 millionar kroner eller meir i brutto tap. I 2022 var den operasjonelle risikoeksponeringa innanfor risikotoleransen til styret.

Hovudstyret følgjer heile tida den operative og finansielle risikoen gjennom vurderinga av operasjonell risiko og internkontroll. Basert på



rapportering frå administrasjonen og internrevisjonen gir hovudstyret representantskapet ei årleg vurdering av risikosituasjonen.

Det er ikkje avdekt vesentlege manglar i styrings- og kontrollregimet i 2022, og hovudstyret vurderer kontrollmiljøet og kontrollsystema som gode.

Det er ikkje teikna forsikring for styremedlemmene og dagleg leiar for det moglege ansvaret overfor føretaket og tredjepersonar. Hovudstyremedlemmene har i praksis beskjedne risiko for erstatningsansvar, og banken er derfor sjølvassurandørar for eventuelt erstatningsansvar for styremedlemmer eller tilsvarande leiarroller. Dette er i tråd med praksis for dei andre nordiske sentralbankane.

Sikkerheit og IT-system

Noregs Bank står overfor eit komplekst trusselbilete i stadig endring, påverka av utviklinga på den geopolitiske arenaen.

Kontinuerleg kartlegging av banken sine verdiar, truslar og sårbarheiter er viktig for løpande å kunne identifisere og setje i verk risikoreduserande tiltak. Vidare blir det utført ei rekkje opplæringsaktivitetar, til dømes nettfiskeøvingar og e-læring, for at dei tilsette skal bli meir bevisste på aktuelle sikkerheitstruslar. Relevante kontrollar blir gjennomførte basert på rammeverk og standardar for beste praksis. Noregs Bank nyttar rammeverket US National Institute of Standards and Technology Cyber Security Framework (NIST CSF) når informasjons- og IT-sikkerheitsrisiko skal handterast.

Stabile IT-system er ein grunnleggjande føresetnad for at Noregs Bank skal kunne løyse samfunnsoppdraga sine. Noregs Bank arbeider systematisk for å sikre høg driftsstabilitet og har gode prosessar for avviks- og endringshandtering.

Noregs Bank legg vekt på automatisering, innovasjon, utskifting av eldre løysingar og robuste informasjonssikkerheitstiltak. Dette arbeidet er òg løfta fram i den vedtekne strategiplanen for neste periode. Ei operasjonelt robust verksemd bidreg til å sikre verdiane våre. Etter at det fleirårige prosjektet med å modernisere IT-driftsplattformene i sentralbankverksemda var



Stabile IT-system er ein grunnleggjande føresetnad for at Noregs Bank skal kunne løyse samfunnsoppdraga sine.

ferdigstilt, har banken jobba med å operasjonalisere samarbeidet med nye leverandørar. Dei nye IT-driftsplattformene har vore svært tilgjengelege gjennom heile året, og det har ikkje oppstått feil som har påverka evna vår til å løyse samfunnsoppdraga. I 2022 blei enkelte IT-funksjonar, mellom anna IT-helpdesk i Norges Bank Investment Management, innkontrakterte for å auke kvaliteten og forbetre fleksibiliteten.

Digitale truslar og organisert cyberkriminalitet utgjør ein aukande risiko ettersom aktørane blir stadig meir spesialiserte, sofistikerte og velfinansierte. IT-sikkerheita er styrkt i 2022. Fleire tilsette jobbar no med sikkerheit generelt og cybersikkerheit spesielt, samtidig som bruken av eksterne konsulentar på området er redusert. Opplæringsprogrammet for IT-sikkerheit er utvida. Det har ikkje vore nokon sikkerheitshendingar med alvorlege konsekvensar i 2022.

Balanse og rekneskap

Balanse

Balansen til Noregs Bank består av fleire postar som er direkte knytte til samfunnsoppdraga til banken. Balansesummen ved utgangen av 2022 var 13 200 milliardar kroner, mot 13 172 milliardar kroner ved utgangen av 2021.

Finansdepartementet har i tråd med forvaltingsmandatet for Statens pensjonsfond utland plassert ein bestemt del av statens formue på ein eigen konto (SPU-kronkonto) i Noregs Bank. Denne blir i balansen presentert som ei gjeld til Finansdepartementet. Banken plasserer innskotet vidare, i eige namn, og presenterer dette i balansen som Nettoverdi SPU. Verdien av SPU-kronkontoen vil alltid svare til verdien av investeringsporteføljen minus den oppsamla forvaltingsgodtgjersla. Noregs Bank har som forvaltar ingen finansiell risiko knytt til forvaltingsoppdraget. Ved utgangen av 2022 var marknadsverdien på fondsinvesteringane 12 429 milliardar kroner, mot 12 340 milliardar kroner ved utgangen av 2021. Ei nærmare utdjuing av fondsforvaltninga er å finne i avsnittet [Forvaltning av Statens pensjonsfond utland](#) i 2022 i årsmeldinga.

Den detaljerte rekneskapsrapporteringa for investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland går fram av note 20 i rekneskapen. I tillegg blir det laga ein særskild [årsrapport for fondsforvaltninga](#).



Ved sida av Statens pensjonsfond utland er det valutaeservane som utgjer majoriteten av eigedelane. Valutaeservane er hovudsakleg investerte i aksjar, rentepapir og kontantplasseringar. Nettoverdien av valutaeservane var 610 milliardar kroner ved utgangen av 2022, mot 643 milliardar kroner ved utgangen av 2021. Ei nærmare utdjuping av korleis valutaeservane blir forvalta, er å finne i avsnittet [Forvaltninga av valutaeservane](#).

Gjennom statens konsernkontoordning blir alle statlege midlar dagleg samla på konto i Noregs Bank. Ved utgangen av 2022 utgjorde innskotet 305 milliardar kroner, mot 344 milliardar kroner ved utgangen av 2021. Innskotet er den største gjeldsposten i balansen, utover SPU-kronekonto. Innskotet vil likevel variere mykje gjennom året som følgje av store inn- og utbetalingar på statlege driftskontoar og tilførsel og uttak frå Statens pensjonsfond utland.

Setlar og mynt i omløp er ein gjeldspost for Noregs Bank. Noregs Bank garanterer for pengeverdien. Omfanget av kontantar i omløp er drive av etterspørselen frå publikum. Mindre etterspørsel har dei seinare åra redusert omfanget av kontantar i omløp. Ved slutten av 2022 var 40 milliardar kroner i omløp, uendra frå utgangen av 2021.

Innskot frå bankar, som består av folio-, reserve- og F-innskot, blir styrte gjennom likviditetspolitikken. Per 31. desember 2022 utgjorde innskota 27 milliardar kroner, mot 23 milliardar kroner ved utgangen av 2021.

Noregs Bank forvaltar dei finansielle rettane og pliktene Noreg har overfor IMF. Noregs Bank har dermed både fordring på og gjeld til IMF. Nettoposisjon mot IMF ved utgangen av året er ei fordring på 23 milliardar kroner, mot 19 milliardar kroner i 2021. Ein nærmare omtale av Noregs Bank sitt forhold til IMF er å finne i note 17.

Eigenkapitalen var på 270 milliardar kroner per 31. desember 2022, mot 289 milliardar kroner per 31. desember 2021. Eigenkapitalen består av eit kursreguleringsfond og eit overføringsfond. Ved utgangen av 2022 var kursreguleringsfondet på 253,3 milliardar kroner og overføringsfondet på 16,2 milliardar kroner, mot høvesvis 266,5 milliardar kroner og 22,2 milliardar kroner ved utgangen av 2021. Eigenkapitalen, eksklusiv SPU-kronekonto, utgjer 35 prosent av balansesummen, mot 34,7 prosent i 2021. Hovudstyret vurderer eigenkapitalen som god nok til å oppfylle formålet til banken, jf. sentralbanklova § 3-11 første ledd.

270 mrd.

kroner i eigenkapital
ved utgangen av 2022.



Samansetjinga av balansen vil truleg over tid gi ei positiv avkastning, sett bort frå valutakurseffektar. Det er basert på ei forventning om høgare avkastning på plasseringane i aksjar og obligasjonar enn kostnaden på gjeldspostane. Egedelane til banken er hovudsakleg plasserte i valuta, mens gjelda primært er i norske kroner.

Gitt bankens balansesamansetjing vil resultatet i stor grad bli påverka av utviklinga i dei globale rente-, aksje- og valutamarknadene. Ein må rekne med at resultatet vil kunne svinge betydeleg frå år til år. For Statens pensjonsfond utland vil den framtidige verdiutviklinga dessutan bli påverka av uttaka frå og tilførslane til fondet.

Resultatrekneskap

Netto inntekt/kostnad frå finansielle instrument

Netto kostnad frå finansielle instrument blei 55,1 milliardar kroner i 2022, mot netto inntekt på 24,2 milliardar kroner i 2021. Aksjeinvesteringane gav eit tap på 15,9 milliardar kroner, mens renteinvesteringane gav eit tap på 38,3 milliardar kroner, mot høvesvis ein gevinst på 31 milliardar kroner og eit tap på 6,5 milliardar kroner i 2021. Netto inntekt frå finansielle instrument inkluderer òg ein gevinst på 45,5 milliardar kroner som følgje av valuta-effektar. Den tilsvarande effekten for 2021 var eit tap på 0,3 milliardar kroner.

Statens pensjonsfond utland

Totalresultatet i Statens pensjonsfond utland blei eit underskot på -1 001 milliardar kroner, beståande av eit porteføljeresultat på -995,3 milliardar kroner og kostnader knytte til forvaltingsgodtgjersle på 5,2 milliardar kroner. Totalresultatet for 2021 var eit overskot på 1 551 milliardar kroner, beståande av eit porteføljeresultat på 1 555 milliardar kroner fråtrekt forvaltingsgodtgjersla på 4,6 milliardar kroner.

Totalresultatet for 2022 er trekt frå SPU-kronkonto per 31. desember 2022. Avkastinga ved forvaltninga, etter frådrag for godtgjersle til Noregs Bank, blir ført mot kronkontoen direkte og påverkar derfor ikkje totalresultatet eller eigenkapitalen til Noregs Bank.

Andre driftsinntekter

I samsvar med forvaltingsmandatet får Noregs Bank godtgjersle for fondsforvaltingskostnadene innanfor ei øvre grense. Forvaltingsgodtgjersla



Egedelane til banken er hovudsakleg plasserte i valuta, mens gjelda primært er i norske kroner.

frå Finansdepartementet var 5,2 milliardar kroner i 2022, mot 4,6 milliardar kroner i 2021. Noregs Bank har òg inntekter frå andre tenester leverte til bankar og frå husleige frå eksterne leigetakarar. Inntekter frå desse aktivitetane var på til saman 149 millionar kroner i 2022, mot 118 millionar kroner i 2021.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 6,4 milliardar kroner i 2022, mot 5,9 milliardar kroner i 2021.

5,2 milliardar kroner av driftskostnadene i 2022 er knytte til forvaltninga av Statens pensjonsfond utland. Tilsvarende forvaltingskostnader utgjorde 4,6 milliardar kroner i 2021. Ein nærmare omtale av forvaltingsgodtgjersla som Noregs Bank får som følge av forvaltingsoppdraget, er å finne i [note 13](#).

Kostnadsauken samanlikna med 2021 er i hovudsak relatert til personal-kostnader. Utover valutaeffektar og ordinær lønnsvekst skriv utviklinga i personalkostnader seg primært frå ein eingongseffekt i 2021 som følge av endra metode for rekneskapsmessig periodisering av prestasjonslønn, styrking av organisasjonen i form av fleire tilsette og meir reiseaktivitet. Dette blir motverka noko av mellom anna lågare honorar til eksterne forvaltarar av Statens pensjonsfond utland.

Totalresultat

Endring i aktuariemessige gevinstar og tap gav eit tap på 0,5 milliardar kroner i 2022, mot eit tap på 0,1 milliard kroner i 2021.

Totalresultatet for 2022 blei eit underskot på 11,1 milliardar kroner, mot eit overskot på 23 milliardar kroner i 2021.

Disponering av totalresultatet

Disponeringa av totalresultatet er regulert av retningslinjer for avsetjing og disponering av overskotet til Noregs Bank, fastsett ved kgl. res. 13. desember 2019 med heimel i sentralbanklova § 3-11 andre ledd. Totalresultatet skal disponerast til eigenkapitalens kursreguleringsfond inntil dette har nådd 40 prosent av netto valutareservar. Resten av beløpet blir disponert til overføringsfondet til eigenkapitalen. Kvart år blir ein tredjedel av overføringsfondet overført til statskassen.



I samsvar med forvaltingsmandatet får Noregs Bank godtgjersle for fondsforvaltingskostnadene innanfor ei øvre grense.

Totalresultatet på -11,1 milliardar kroner er disponert med ei overføring frå kursreguleringsfondet på -13,2 milliardar kroner og ei overføring til overføringsfondet på 2,1 milliardar kroner. Frå overføringsfondet blir det vidare overført 8,1 milliardar kroner til statskassen. Årets overføringar og disponeringar er utførte i tråd med retningslinjene.

Hovudstyret

Oslo, 8. februar 2023



Ida Wolden Bache

dagleg leiar / leiar av hovudstyret



Pål Longva

første nestleiar



Øystein Børsum

andre nestleiar



Karen Helene Ulltveit-Moe



Kristine Ryssdal



Arne Hyttnes



Hans Aasnæs



Nina Udnes Tronstad



Egil Herman Sjørus



Mona Helen Sørensen

representant for dei tilsette



Truls Oppedal

representant for dei tilsette



Noregs Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet

Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet består av sentralbanksjefen, dei to visesentralbanksjefane og to eksterne medlemmer.

Dei eksterne komitémedlemmene blir oppnemnde av Kongen i statsråd for fire år om gongen. Sentralbanksjefen er leiar av komiteen, og dei to visesentralbanksjefane er høvesvis første og andre nestleiar.

Komiteen har i 2022 hatt 21 møte og behandla 92 saker innanfor ansvarsområdet sitt.

Arbeidsforma til komiteen

Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet har ansvaret for Noregs Bank si utøvande og rådgivande makt i pengepolitikken. Komiteen skal òg bidra i arbeidet med å fremje finansiell stabilitet. Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet har vanlegvis åtte annonserte møte i året, og der blir det gjort vedtak om styringsrenta. Fire av møta fell saman med publiseringa av Pengepolitisk rapport (PPR). Komiteen fastset òg nivået til den motsykliske kapitalbufferen fire gonger i året.¹

Møteplanen til komiteen er i hovudsak bestemt av tidspunkta for dei åtte rentemøta. Før dei rentemøta som fell saman med publiseringa av Pengepolitisk rapport, møttest komiteen vanlegvis tre gonger. Før rentemøta utan rapport møttest komiteen vanlegvis to gonger.

I 2022 blei det halde 21 møte i komiteen. I tillegg hadde komiteen to heildagsseminar. Komiteen brukte mellom anna tid på å drøfte den pengepolitiske strategien og strategien for motsyklisk kapitalbuffer og dessutan Finansiell stabilitet-rapporten og likviditetsstyringa.

Administrasjonen utarbeider og presenterer relevante analysar og prognosar, som dannar utgangspunktet for diskusjonane i komiteen. Staben gir òg komiteen råd om politikkgjerdar. For at komitémedlemmene skal ha så likt diskusjonsgrunnlag som mogleg, er det lagt opp til at dei i størst mogleg grad får tilgang på den same informasjonen og dei same analysane.

I komiteen er ein oppteken av å ha klar og tydeleg ekstern kommunikasjon. Pengepolitiske vurderingar som blir publiserte i samband med rentavgjerdene, og vurdering av motsyklisk kapitalbuffer som blir publisert i samband med bufferavgjerdene, reflekterer synet til fleirtalet. Tema som komitémedlemmene var spesielt opptekne av i diskusjonane, blir framheva i vurderingane. Medlemmer som er ueinige med fleirtalet, kan ta dissens, og denne vil bli offentleggjord med ei kort skriftleg grunngiving i protokollen og i vurderingane som blir publiserte samtidig med avgjerda. I 2022 var alle komitéavgjerdar einstemmige. Det er leiaren av komiteen, sentralbanksjefen, som normalt uttaler seg på vegner av komiteen. Andre medlemmer uttaler seg etter avtale med komitéleiaren.



Staben utarbeider og presenterer relevante analysar og prognosar, og desse dannar utgangspunktet for diskusjonane i komiteen.

¹ Frå og med 2023 vil fastsetjinga skje på rentemøta i januar, mai, august og november.



Frå venstre: Øystein Børsum, Ingvild Almås, Ida Wolden Bache, Jeanette Fjære-Lindkjenn og Pål Longva.

Ida Wolden Bache

Utneimnd som sentralbanksjef frå 8. april 2022 til 2028. Bache er leiar av hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Pål Longva

Utneimnd som visesentralbanksjef frå 29. august 2022 til 2028. Longva har særskilt ansvar for sentralbankverksemda og er første nestleiar i hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Øystein Børsum

Utneimnd som visesentralbanksjef frå 2. august 2021 til 2027. Børsum har særskilt ansvar for Noregs Bank si oppgåve med å forvalte Statens pensjonsfond utland og er andre nestleiar av hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Jeanette Fjære-Lindkjenn

Oppnemnd som komitémedlem til 31. desember 2023.

Fjære-Lindkjenn er stipendiat ved Nasjonalt senter for bustadmarknadsforskning, Housing Lab ved Oslo Metropolitan University (OsloMet). Ho har tidlegare jobba som makroøkonom i DNB Markets og som analytikar i Noregs Bank. Fjære-Lindkjenn er samfunnsøkonom frå Universitetet i Oslo.

**Ingvild Almås**

Oppnemnd som komitémedlem til 31. desember 2025.

Almås er professor ved Institute for International Economic Studies (IIES), Stockholms Universitet, Principal Investigator på FAIR, Noregs handelshøgskole (NHH), og International Research Fellow ved Institute for Fiscal Studies (London), Centre for Economic Policy Research (CEPR) og CESifo. Ho var tidlegare professor ved NHH. Almås sit i Scientific Advisory Board for Max Planck Institute for Research on Collective Goods i Bonn, Tyskland, og ho leier porteføljestyret for velferd, kultur og samfunn i Noregs forskingsråd. Almås skal hausten 2023 vere «Cowles Foundation visiting fellow» ved Yale University. Almås er samfunnsøkonom frå Universitetet i Oslo og har doktorgrad i samfunnsøkonomi frå NHH.





Visesentralbanksjef Pål Longva og direktør for finansiell stabilitet Torbjørn Hægeland møtte media i samband med pressetreff om rapporten finansiell stabilitet i 2022.

Årsmelding frå komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet for 2022

2022 var prega av store skift i dei økonomiske utsiktene. Gjeninnhenting etter pandemien og Russlands invasjon av Ukraina bidrog til at verdsøkonomien blei prega av høg inflasjon og usikre vekstutsikter. Då prisveksten i Noreg skaut fart våren 2022, blei det tydeleg at styringsrenta ikkje lenger var tilpassa den økonomiske situasjonen. Renta blei derfor heva raskare og meir enn komiteen såg for seg ved inngangen til året.

Våren 2020 blei styringsrenta redusert til 0 prosent for å dempe det økonomiske tilbakeslaget som følgje av koronapandemien. Den økonomiske aktiviteten henta seg inn igjen i 2021, og Noregs Bank begynte å heve renta i september same året. Ved utgangen av 2021 var styringsrenta 0,5 prosent. Etter at dei siste smitteverntiltaka blei fjerna i 2022, tok aktiviteten seg vidare opp, og arbeidsmarknaden stramma seg til. Prisveksten steig raskt og var etter kvart klart over målet på 2 prosent. For å dempe presset i økonomien og bringe inflasjonen ned mot målet blei renta heva i fleire omgangar, til 2,75 prosent ved utgangen av 2022.

2,75 %
styringsrente ved
utgangen av 2022.

Hausten 2022 vurderte komiteen utsiktene for finansiell stabilitet som svekte samanlikna med året før. Det hadde samanheng med at krigen i Ukraina og etterverknadene av koronapandemien hadde auka risikoen for eit tilbakeslag i økonomien. Kravet til den motsykliske kapitalbufferen, som i mars 2020 blei sett ned frå 2,5 til 1 prosent, blei i 2021 og 2022 gradvis sett opp igjen til 2,5 prosent, og kravet vil ha full verknad frå 31. mars 2023. I november 2022 gav komiteen råd om å halde kravet til systemrisikobuffer i bankane uendra på 4,5 prosent, og Finansdepartementet følgde rådet.

Pengepolitikk

Internasjonal økonomi

Pandemien og smitteverntiltaka har skapt store svingingar i den økonomiske aktiviteten dei siste åra, både internasjonalt og her heime. I takt med at dei fleste land letta på og etter kvart fjerna smitteverntiltaka, tok aktiviteten seg opp i første halvdel av 2021 og blei etter kvart høgare enn før pandemien. Arbeidsmarknadene betra seg, og lønnsveksten begynte å stige.

Samtidig var det ein markert oppgang i konsumprisveksten. I mange land var det fleire tiår sidan sist prisstiginga var så høg. Prisoppgangen kan delvis forklarast av forhold knytte til koronapandemien. Nedstengingane under pandemien førte til ei vriding i forbruket til hushalda frå tenestekonsum til varekonsum. Høg etterspurnad etter varer kombinert med forstyrningar i produksjon og frakt gav høg prisvekst på varer som det blir handla med internasjonalt. Etterspurnaden etter råvarer tok seg òg opp i takt med gjeninnhentinga i verdsøkonomien, og prisane på energi, metall og jordbruksprodukt steig kraftig.

Russlands invasjon av Ukraina vinteren 2022 førte til stor uvisse om den vidare økonomiske utviklinga internasjonalt og gav ytterlegare oppgang i

prisane på energi og andre råvarer. Reduserte gassleveransar frå Russland til Europa førte til at prisane på gass og kraft steig til svært høge nivå over sommaren. I løpet av hausten gjekk gass- og kraftprisane noko ned, men dei var framleis høge. Gjennom andre halvår av 2022 fall prisane på ein del andre råvarer. Oljeprisen, som hadde stige til rundt 110 dollar sommaren 2022, var ved utgangen av året tilbake på nær 80 dollar, om lag det same nivået som eitt år tidlegare. Forstyringane i dei globale forsyningskjedene såg ut til å minke, og prisane på å frakte varer mellom land fall mykje. Mot slutten av 2022 såg det ut til at konsumprisveksten hadde passert toppen i enkelte land.

Høg prisvekst og utsikter til at prisveksten ville halde seg høg framover òg, løfta forventingane til framtidige styringsrenter hos handelspartnarane våre gjennom 2022. Sentralbankane i mange land har heva styringsrentene til dei høgaste nivåa på meir enn ti år. Fleire har heva renta i større steg enn det som har vore vanleg.


Den økonomiske aktiviteten hos handelspartnarane steig vidare i 2022, og arbeidsløysa fall til låge nivå. Samtidig blei vekstutsiktene svekte gjennom året, særleg i Europa. Dei høge energiprisane førte til at fleire bedrifter nedskalerte produksjonen, og høg prisvekst og auka renter var venta å bremse forbruksveksten.

Uvisse om utviklinga i energimarknadene og dei globale vekst- og inflasjonsutsiktene bidrog til store rørsler i finansmarknadene i 2022. Dei langsiktige rentene steig kraftig i løpet av året, mens dei internasjonale aksjeindeksane fall litt.




Høg etterspurnad etter varer kombinert med forstyringar i produksjon og frakt gav høg prisvekst på varer som det blir handla med internasjonalt.

FIGUR 1 Prisar på gass og kraft. Spot- og terminprisar. Øre/kWh.



KJELDE: Refinitiv Datastream

FIGUR 2 Internasjonale pengemarknadsrenter for handelspartnarane. Prosent. 1. kv. 2016–4. kv. 2025.



KJELDER: Refinitiv Datastream og Noregs Bank

Finansielle forhold i Noreg

Kronekursen svinga mykje i heile 2022. Målt ved den importvegne kronekursen l-44 svekte krona seg noko gjennom året. Utviklinga må sjåast i samanheng med at rentene hos handelspartnarane våre har stige meir enn rentene i Noreg, og at det har vore stor uvisse i finansmarknadene.

Renteutgiftene til hushalda har stige i takt med at styringsrenta har auka. Rundt 85 prosent av auken i styringsrenta sidan hausten 2021 har slått gjennom til bustadlånsrenta. Gjennomslaget frå styringsrenta til innskotsrenta har vore lågare.

Også føretaka si finansiering i bankar og i obligasjonsmarknaden er blitt gradvis dyrare. Det følgjer av at både kortsiktige og langsiktige renter har stige samtidig som risikopåslaga i obligasjonsmarknaden har auka. I den norske aksjemarknaden var det store rørsler i 2022, men hovudindeksen på Oslo Børs var ved utgangen av året på om lag same nivå som eitt år tidlegare.

Norsk økonomi

Aktiviteten i norsk økonomi tok seg raskt opp i 2021, og om hausten same året var kapasitetsutnyttinga og sysselsetjinga tilbake på nivåa frå før pandemien. Ved inngangen til 2022 bidrog auka smitte og smitteverntiltak til at aktiviteten fall litt igjen, men han tok seg raskt opp utover våren. Det var særleg sterk vekst i dei næringane som hadde vore ramma av smitteverntiltak. Konsumet til hushalda steig meir enn venta. Kjøp av tenester tok seg raskt opp og var etter kvart tilbake på nivåa frå før pandemien.

I takt med at aktiviteten auka, heldt sysselsetjinga fram med å stige, og arbeidsløysa fall raskare enn venta. Bedriftene i det regionale nettverket til Noregs Bank rapporterte før sommaren om aukande problem med å få tak i dei innsatsvarene og den arbeidskrafta dei trong. Komiteen vurderte det slik at aktiviteten i norsk økonomi var kommen opp på eit høgt nivå, og at det var lite ledig kapasitet.

Utover hausten såg ein teikn til at økonomien var i ferd med å kjøle seg ned. Høg prisvekst dempa kjøpekrafta til hushalda, og veksten i konsumet minka. Tillitsindikatorar for hushalda var på svært låge nivå. Den økonomiske aktiviteten heldt seg likevel betre oppe enn venta, dels som følgje av høgare privat konsum, men også som følgje av ei betydeleg oppjustering av føretaksinvesteringane gjennom året. Samtidig justerte bedriftene i det regionale nettverket til Noregs Bank ned forventningane om aktiviteten framover. I november venta dei samla sett ein klar nedgang i



Uvisse om utviklinga i energimarknadene og dei globale vekst- og inflasjonsutsiktene bidrog til store rørsler i finansmarknadene i 2022.



Regionalt nettverk i Bodø i mars 2022.

produksjonen det neste halve året. Arbeidsmarknaden var framleis stram, men knappheita på arbeidskraft såg ut til å minke. Arbeidsløysa heldt seg låg, men det blei færre ledige stillingar.

Også i bustadmarknaden snudde utviklinga i 2022. Høg etterspurnad og få uselde bustader bidrog til å halde bustadprisveksten oppe det første halvåret, men prisveksten minka i løpet av sommaren. Utover hausten fall bustadprisane. Det blei lagt ut mange bustader for sal, og lågare omsetning enn normalt bidrog til at det var klart fleire uselde bruktbustader i marknaden. I desember var bruktbustadprisane 1,5 prosent høgare enn i same månad året før.

Konsumprisveksten tok seg opp raskare enn venta utover våren og var klart over målet. Med høgare prisvekst på importerte varer og stigande lønnsvekst var det utsikter til at inflasjonen ville bli liggjande over målet ei god stund. Oppgangen i prisveksten heldt fram gjennom sommaren og hausten 2022. Det var særleg energi- og matvareprisane som steig i fjor, men prisane på ei rekkje andre varer og tenester steig òg meir enn normalt.


Stigande prisvekst bidrog truleg til å løfte inflasjonsforventingane. Forventingsundersøkinga til Noregs Bank viser at forventingane om prisveksten dei neste åra har stige sidan midten av 2021. Ved utgangen av året låg dei langsiktige inflasjonsforventingane over inflasjonsmålet på 2 prosent.

Oppgangen i konsumprisindeksen (KPI) blei dempa av straumstøtteordninga som blei innført i desember 2021. Årsveksten i KPI blei likevel




Ved utgangen av året låg dei langsiktige inflasjonsforventingane over inflasjonsmålet på 2 prosent.

FIGUR 3 BNP for Fastlands-Noreg. Anslag på ulike tidspunkt. Indeks. 4. kvartal 2019 = 100.



KJELDER: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

FIGUR 4 Arbeidsløyse. Antal registrerte ledige i prosent av arbeidsstyrken. 1. kv. 2016–4. kv. 2025.



KJELDER: Nav og Noregs Bank

5,8 prosent i 2022. Det er den høgaste årsveksten i KPI sidan 1988.

Konsumprisindeksen justert for avgiftsendingar og utan energivarer (KPI-JAE) steig med 3,9 prosent i 2022, som er den høgaste årsveksten sidan Statistisk sentralbyrå begynte å publisere indikatoren i 2001. Det var høg vekst i prisane både på varene vi importerer, og på norskproduserte varer og tenester.

Årslønnsveksten var 4,4 prosent i 2022, ifølgje Statistisk sentralbyrå.


Lønnsveksten var høgare enn i 2021, noko som heng saman med den svært stramme arbeidsmarknaden. Det var utsikter til at lønnsveksten ville stige vidare i 2023.

Pengepolitiske avvegingar

Det operative målet for pengepolitikken er ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2 prosent. Inflasjonsstyringa skal vere framoverskodande og fleksibel, slik at ho kan bidra til å skape høg og stabil produksjon og sysselsetjing og motverke at det byggjer seg opp finansielle ubalansar.


I dei pengepolitiske vurderingane i 2022 la komiteen vekt på den raske oppgangen i konsumprisane og at prisveksten etter kvart var klart over målet. Inflasjonsprognosane blei oppjusterte, og det var utsikter til at prisveksten ville halde seg høg ei god stund. Samtidig var den økonomiske aktiviteten kommen opp på eit høgt nivå, og arbeidsløysa var låg. Utover våren blei det klart at styringsrenta ikkje lenger var tilpassa den økonomiske situasjonen. Komiteen la vekt på at det var behov for høgare renter for å dempe presset i økonomien og bringe inflasjonen ned mot målet. Det blei òg lagt vekt på at ein raskare renteoppgang ville redusere risikoen for at

FIGUR 5 Konsumprisar. Tolvmånadersvekst. Prosent.



KJELDE: Statistisk sentralbyrå

FIGUR 6 Anslag på produksjonsgap. Prosent. 1. kv. 2016–4. kv. 2025.



KJELDE: Noregs Bank


inflasjonen festa seg på eit høgt nivå. Renta blei heva både meir og raskare enn tidlegare berekna.

Konsumprisveksten heldt seg høg utover hausten. Samtidig var det teikn til omslag i norsk økonomi, og anslaga for kapasitetsutnyttinga framover blei nedjusterte. Komiteen la vekt på at renta var blitt heva mykje på kort tid, og at pengepolitikken begynte å verke innstrammende. Renta blei heva meir gradvis mot slutten av året.


I drøftinga av risikobiletet var komiteen gjennom året oppteken av at den vidare utviklinga var svært usikker, og at prognosane var meir usikre enn normalt. Komiteen var oppteken av å balansere risikoen for å stramme til for mykje mot risikoen for å stramme til for lite. Blei renta heva for lite, kunne prisveksten halde seg høg lenger. Dersom hushald og bedrifter begynner å venje seg til at prisveksten er høg, og planlegg for høg inflasjon når dei fastset utsalssprisar eller avtaler lønningar, kan det bli vanskeleg å få prisveksten ned igjen. Men dersom renta på den andre sida blei heva for mykje, kunne den økonomiske aktiviteten blitt bremsa meir enn det som var nødvendig for å få bukt med inflasjonen.

Prognosane i [Pengepolitisk rapport 4/22](#) innebar ei styringsrente på rundt 3 prosent i 2023. Det var utsikter til at inflasjonen ville minke og nærme seg målet på litt sikt. Kapasitetsutnyttinga var venta å minke, for så å halde seg noko under eit normalt nivå dei neste åra. Arbeidsløysa blei anslått å auke noko, men frå eit lågt nivå.

FIGUR 7 Konsumprisindeksen (KPI). Anslag på ulike tidspunkt. Firekvartalsvekst. Prosent.



I drøftinga av risikobiletet var komiteen gjennom året oppteken av at den vidare utviklinga var svært usikker, og at prognosane var meir usikre enn normalt.



Pengepolitikken i 2022


Renteprognosen ved utgangen av 2021 tilsa ei rente som gradvis auka frå 0,5 prosent til om lag 1,75 prosent dei nærmaste åra.

Rentebanen blei oppjustert i 2022, særleg i første halvår. Høgare kapasitetsutnytting enn berekna og ein oppjustert inflasjonsprognose medførte at styringsrenta blei sett opp frå 0,5 til 0,75 prosent, og renteprognosen blei oppjustert på møtet i mars. Fram mot møtet i juni hadde prisveksten vore klart høgare enn anslått, og arbeidsløysa hadde falle meir enn venta. Styringsrenta blei auka med 0,5 prosentepoiningar til 1,25 prosent, og rentebanen blei ytterlegare oppjustert.

Prisveksten heldt fram med å stige meir enn venta gjennom sommaren, samtidig som arbeidsløysa fall til eit svært lågt nivå. Komiteen sette styringsrenta vidare opp til 1,75 prosent på møtet i august og til 2,25 prosent på møtet i september. Utsikter til at prisveksten ville halde seg høg lenger, bidrog til at rentebanen blei noko oppjustert i september. Samtidig var det teikn til omslag i norsk økonomi, og anslaga for kapasitetsutnyttinga blei kraftig nedjusterte. På møtet i november blei renta sett opp med 0,25 prosentepoiningar til 2,5 prosent.

Fram mot møtet i desember hadde prisveksten vore høgare enn anslått, og arbeidsmarknaden hadde vore litt strammare enn venta. Samtidig såg omslaget i økonomien ut til å bli noko meir markert enn ein hadde trudd. På møtet i desember blei styringsrenta sett opp til 2,75 prosent, mens rentebanen var lite endra.

FIGUR 8 Styringsrenta. Anslag på ulike tidspunkt. Prosent. 1. kv. 2016–4. kv. 2025.



Finansiell stabilitet

Komiteen skal bidra i arbeidet med å fremje finansiell stabilitet gjennom rådgiving og ved å bruke dei verkemidla han har tilgjengeleg. Sidan 10. september 2021 har Noregs Bank hatt avgjerdsansvar for den motsykliske kapitalbufferen og eit formalisert rådgivaransvar for systemrisikobufferen. Den motsykliske kapitalbufferen skal gjere bankane meir solide og motverke at kredittpraksisen forsterkar eit tilbakeslag i økonomien. Kravet til den motsykliske kapitalbufferen skal reflektere vurderinga av syklisk sårbarheit i det finansielle systemet, og kravet bør setjast ned i eit tilbakeslag som gir eller vil kunne gi klart redusert tilgang på kreditt. Kravet til systemrisikobuffer skal reflektere vurderinga av strukturell sårbarheit. Strukturelle sårbarheiter er vedvarande trekk i det finansielle systemet som sjeldan endrar seg, eller som endrar seg lite, frå år til år. Dei to bufferkrava utgjer ein vesentleg del av det samla kapitalkravet til bankane. Komiteen bestemmer den motsykliske kapitalbufferen kvart kvartal og gir råd om systemrisikobufferen minst kvart andre år, første gong i 2022.

Bustad- og næringseigedomprisane steig mykje under koronapandemien, og kredittveksten til hushalda auka. Veksten i eigedomprisane var meir moderat i andre halvdel av 2021, men bustadprisveksten auka igjen og var høg i byrjinga av 2022. Samla sett var vurderinga av syklisk sårbarheit då om lag som før pandemien. I mars 2022 bestemte komiteen seg for å auke kravet til den motsykliske kapitalbufferen frå 2 til 2,5 prosent med verknad frå 31. mars 2023. Komiteen bestemte seg for å vidareføre dette kravet i juni og september 2022.

I rapporten [Finansiell stabilitet 2022](#), som blei publisert i november 2022, var vurderinga at krigen i Ukraina og etterverknadene av koronapandemien hadde auka risikoen for eit tilbakeslag i økonomien, og at utsiktene for finansiell stabilitet derfor var svakare enn då den førre rapporten kom, i november 2021. Komiteen meinte at det norske finansielle systemet så langt hadde klart seg godt i møte med store svingingar i finansmarknadene. God lønnsemd, kapitaldekning og likviditet gjorde at bankane hadde god evne til å tole tap og marknadsuro. Det var stor uvisse om den vidare økonomiske utviklinga. Komiteen venta at bankane framleis ville ha god lønnsemd, men meinte at tapsrisikoen var større.



Den motsykliske kapitalbufferen skal gjere bankane meir solide og motverke at kredittpraksisen forsterkar eit tilbakeslag i økonomien.

Høg gjeld i mange hushald, stor eksponering mot næringsseigedom i bankane og det at finansieringa til éin bank er likviditetsreserven til ein annan, er viktige strukturelle sårbarheiter i det norske finansielle systemet. I tillegg kan store cyberangrep true den finansielle stabiliteten. I november 2022 vurderte komiteen det slik at den strukturelle sårbarheita var på om lag same nivå som då det blei vedteke å auke kravet til systemrisikobufferen til 4,5 prosent i 2020. Komiteen meinte at kravet til systemrisikobufferen burde haldast på same nivå. Samla bidreg bufferkrava til at norske bankar har tilfredsstillande kapitaldekning. Finansdepartementet bestemte i desember at systemrisikobufferen skulle haldast uendra på 4,5 prosent, i tråd med råda frå komiteen.


Hausten 2022 fall eigedomsprisane. Kredittveksten til hushalda minka, mens kredittveksten til føretaka heldt seg oppe. Kredittverdige hushald og føretak verka å ha god tilgang på kreditt, sjølv om det var nokre teikn til at bankane stramma inn på kredittpraksisen sin. Med bakgrunn i det bestemte komiteen seg i desember 2022 for å halde oppe kravet til den motsykliske kapitalbufferen på 2,5 prosent.

I 2022 behandla komiteen fleire svar på høyringar om regulering av bankane. I oktober gav Noregs Bank innspel til Finanstilsynet med tilråding om å vidareføre golva for gjennomsnittlege risikovekter på bustad- og næringsseigedomslån for IRB-bankane. Det hadde mellom anna samanheng



Samla bidreg bufferkrava til at norske bankar har tilfredsstillande kapitaldekning.

FIGUR 9 Gjelds- og rentebelastinga til hushalda. Gjeld som andel av disponibel inntekt og renteutgifter som andel av inntekt etter skatt. Prosent. 1. kv. 1980–4. kv. 2025.



med at sårbarheita i det finansielle systemet var på om lag same nivå som då golva blei innførte. I desember bestemte Finansdepartementet seg for å vidareføre risikovektgolva.

I november gav Noregs Bank svar på Finansdepartementet si høyring om å vidareføre reguleringa av bankane sin utlånspraksis. Noregs Bank meinte at krav til forsvarleg utlånspraksis burde reknast som eit varig, strukturelt tiltak og ikkje endrast hyppig. I svaret gav Noregs Bank uttrykk for at forskrifta kunne vidareførast utan endringar, men at det burde gjerast ein brei gjennomgang av utlånsforskrifta før ho gjekk ut i 2024, mellom anna basert på erfaringar med eit høgare rentenivå i tida framover. I desember bestemte Finansdepartementet at utlånsforskrifta skal vidareførast, men endra mellom anna kravet til kor stor renteauke låntakarane skal tole.

I rapporten [Finansiell stabilitet 2022](#) var komiteen òg oppteken av at finansføretak må sørge for å vere godt rusta til å vurdere og handtere klimarisiko. Bankane har moderat eksponering mot næringane med størst klimautslepp, men klimaomstillinga vil påverke andre føretak òg. Velfungerande finansmarknader er viktige for å kunne finansiere investeringar som kan møte klimaendringane. God informasjon om klimarisiko er òg viktig.

Komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet

Oslo, 8. februar 2023



Ida Wolden Bache
dagleg leiar / leiar av hovudstyret



Pål Longva
første nestleiar



Øystein Børsum
andre nestleiar



Ingvild Almås



Jeanette Fjære-Lindkjenn



I desember 2021 vedtok Noregs Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet ein pengepolitisk strategi.

Strategien beskriv korleis komiteen tolkar mandatet for pengepolitikken, og gir ei ramme for komiteen sine vurderingar av korleis pengepolitikken vil bli innretta i møte med ulike forstyrningar. Strategien blir samanfatta her. Heile strategien er publisert på nettsidene til Noregs Bank.

Det operative målet for pengepolitikken er ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2 prosent. Inflasjonsstyringa skal vere framoverskodande og fleksibel, slik at ho kan bidra til å skape høg og stabil produksjon og sysselsetjing og til å motverke at det byggjer seg opp finansielle ubalansar.

Låg og stabil inflasjon

I rentesetjinga siktar vi mot å stabilisere inflasjonen, målt ved årleg vekst i konsumprisindeksen (KPI), rundt målet på 2 prosent. Så lenge det er tillit til at inflasjonen vil vere låg og stabil, vil svingingar i prisveksten rundt målet truleg ikkje ha vesentlege samfunnsøkonomiske kostnader. Kor raskt vi prøver å nå målet etter eit avvik, er avhengig av forstyrningane som har skjedd, og om det er konflikstar mellom det å nå inflasjonsmålet og dei andre omsyna i pengepolitikken. Vi vil i rentesetjinga leggje vekt på å unngå store og vedvarande avvik frå inflasjonsmålet, både på over- og undersida.

Høg og stabil produksjon og sysselsetjing

Pengepolitikken kan bidra til at produksjonen og sysselsetjinga blir stabilisert rundt det høgast moglege nivået som er i samsvar med prisstabilitet over tid.

Dei samfunnsøkonomiske kostnadene ved konjunktursvingingar er asymmetriske. Høg arbeidsløyse har direkte kostnader både for samfunnet og den enkelte som ikkje finn arbeid. Svært låg arbeidsløyse, derimot, har ingen direkte kostnader, berre indirekte i form av at det kan gi for høg lønns- og prisvekst. Vi vil derfor ikkje søkje å lukke eit positivt produksjonsgap raskt så lenge det er utsikter til at prisveksten held seg i eit område nær 2 prosent og det ikkje er teikn til at det byggjer seg opp finansielle ubalansar.

Ved å motverke at lågkonjunkturar blir djupe og langvarige, kan pengepolitikken bidra til at arbeidsløysa ikkje etablerer seg på eit høgt nivå, slik at det gjennomsnittlege nivået på sysselsetjinga over tid blir høgast mogleg.

Motverke oppbygging av finansielle ubalansar

Dersom det er teikn til at det byggjer seg opp finansielle ubalansar, kan omsynet til høg og stabil produksjon og sysselsetjing i enkelte situasjonar tilseie at renta bør haldast noko høgare enn ho elles ville ha vore. Det kan i nokon grad bidra til å redusere risikoen for kraftige tilbakeslag i økonomien fram i tid. Regulering og tilsyn av finansinstitusjonar er likevel dei viktigaste tiltaka mot forstyrningar i det finansielle systemet.

Reaksjonsmønster


Renta verkar på inflasjonen og realøkonomien med eit tidsetterslep, og verknadene er usikre. For å redusere risikoen for at pengepolitikken i seg sjølv kan bidra til ustabilitet i økonomien, vil vi normalt respondere mindre kraftig på forstyrningar enn dersom det ikkje hadde vore uvisse om verknadene av renta. Vidare vil vi normalt endre styringsrenta gradvis for å gjere pengepolitikken meir føreseieleg og for å redusere risikoen for uønskte svingingar i finansielle marknader og uføresette tilpassingar blant hushald og bedrifter. I situasjonar der faren for særleg ugunstige utfall er stor, eller dersom det ikkje lenger er tillit til at inflasjonen vil halde seg låg og stabil, kan det vere rett å reagere kraftigare i rentesetjinga enn vanleg.



3. Berekraft

- 57 Samfunnsoppdrag og berekraftstrategi
- 59 Klima og miljø
- 69 Samfunn og sosiale forhold
- 84 Verksemdsstyring, etikk og kultur





Arbeid med berekraft i Noregs Bank

Arbeidet med berekraft er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt.

For å kunne gjere gode vurderingar av dei økonomiske utsiktene og risikobiletet må vi forstå korleis klimaendringar og energiomstilling påverkar dei ulike delane av økonomien.


Målet for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland er å oppnå høgast mogleg avkastning med akseptabel risiko. Den langsiktige avkastinga til fondet er avhengig av ein berekraftig økonomi, velfungerande marknader og god selskapsstyring. Gjennom ansvarleg forvalting søkjer vi å fremje langsiktig verdiskaping i investeringane våre og redusere den finansielle risikoen ved miljømessige og sosiale forhold i selskapa vi investerer i.

Berekraftstrategi

Noregs Bank sin strategi for berekraft er delt inn i tre hovudområde med tilhøyrande målsetjingar. Den fullstendige strategien er publisert på [nettsidene til Noregs Bank](#).


Klima og miljø

- Vi skal arbeide med å redusere utslepp frå eiga drift i tråd med ambisjonane i Parisavtalen.
- Vi skal vere ein aktiv eigar og pådrivar for at selskapa vi er investerte i, oppnår netto nullutslepp innan 2050.
- Vi skal auke forståinga vår av effektane av klimaendringar og energiomstilling.



Samfunn og sosiale forhold


- Vi skal ha ein kultur for mangfald, inkludering og like moglegheiter for alle.
- Vi skal sørge for at medarbeidarane våre trivst og blir utfordra, og for at dei har kompetanse til å møte framtidige utfordringar.
- Vi skal fremje menneskerettar og arbeidstakarrettar gjennom ansvarleg forvaltning og gjennom anskaffingane våre.



Verksemdsstyring, etikk og kultur

- Vi skal sørge for at både dei tilsette og samarbeidspartnarane våre er i stand til å gjere berekraftige val.
- Vi skal rapportere om arbeidet med berekraft i tråd med beste praksis.
- Vi skal støtte opp under utviklinga av standardar for velfungerande marknader, god selskapsstyring og ansvarleg forretningspraksis.





Knølkvalar mellom smeltande isflak i Ilulissat isfjord på Grønland.

Klima og miljø

Klimaendringar og behovet for å redusere utslepp pregar verdsøkonomien i aukande grad. I året som gjekk, påverka dei derfor òg korleis vi har arbeidd med kjerneoppgåvene våre.

Jo betre vi forstår effektane av klimaendringar og energiomstilling, desto lettare blir det for oss å nå måla om prisstabilitet, høg og stabil sysselsetjing og finansiell stabilitet.

Dei klimarelaterte risikoane for Statens pensjonsfond utland følgjer av uvisse rundt korleis klimaendringane vil påverke fondsinvesteringane, og korleis selskap og myndigheiter vil ta høgde for og tilpasse seg desse. I 2022 la banken fram [klimahandlingsplan 2025](#) for arbeidet med klimarisiko i Statens pensjonsfond utland. Handlingsplanen følgde opp endringar i forvaltingsmandatet frå Finansdepartementet, som mellom anna fastsette som eit mål for den ansvarlege forvaltninga at selskapa i investeringsporteføljen innrettar verksemda slik at ho er i samsvar med globale netto nullutslepp i tråd med Parisavtalen.

Arbeidsgruppa for klimarelatert finansiell rapportering (TCFD) har utarbeidd eit rammeverk for klimarisikorapportering. Noregs Bank støttar intensjonen i tilrådingane og meiner at rammeverket kan bidra til ei meir universell og konsistent rapportering på tvers av jurisdiksjonar. [Vedlegg 1](#) gir ei oversikt over Noregs Banks status for 2022 etter tilrådingane i TCFD-rammeverket.

Arbeid med klima og klimarisiko i sentralbankverksemda

Overgangen til ein lågutsleppsøkonomi og energiomstillinga det krev, inneber store endringar for norsk økonomi. Arbeid med å styrkje forståinga av desse effektane er eit prioritert område i Strategi 2025.¹

Network for Greening the Financial System er eit nettverk for sentralbankar og tilsynsmyndigheiter som Noregs Bank blei medlem av i 2018. Nettverket bidreg til å dele erfaringar og beste praksis, utføre analysar og utforme metodar for å handtere miljø- og klimarisiko med relevans for finansielle myndigheiter og finanssektoren. Noregs Bank vil halde fram det tette samarbeidet med internasjonale organisasjonar som Network for Greening the Financial System, Den internasjonale oppgjersbanken, Det internasjonale valutafondet og andre sentralbankar for å styrkje den felles forståinga av dei makroøkonomiske verknadene av klimaendringane.



Overgangen til ein lågutsleppsøkonomi og energiomstillinga det krev, inneber store endringar for norsk økonomi.

¹ Sjå òg bloggen [Hvordan arbeider sentralbanker med klima? \(norges-bank.no\)](#).

Klima og pengepolitikk

Styringsrenta er ikkje noko eigna verkemiddel for å påverke klimaet, men dei pengepolitiske vurderingane kan bli påverka av effektane klimarelaterte forhold har på norsk økonomi. Mange tørkeperiodar har til dømes bidrege til oppgangen i globale matprisar det siste året, mens energikrisa i Europa, som hovudsakleg skriv seg frå krigen i Ukraina, er blitt forsterka av forhold knytte til både vêret og klimaomstillinga. Her heime løftar nye, grønne industriprosjekt investeringsnivået. Samtidig kan omstillinga til lågutsleppsøkonomi auke uvissa omkring framtidige inntekter og investeringar i petroleumsindustrien. På sikt vil også strukturen i norsk økonomi bli endra.

For å auke kunnskapen om korleis klimarelaterte endringar påverkar norsk økonomi, har Noregs Bank dei siste tre åra spurt bedriftene i det regionale nettverket sitt om korleis dei blir påverka av klimarelaterte forhold. Klimaomstillinga er i stor grad ei energiomstilling. Sentralbanken er derfor ekstra merksam på analysar av energimarknaden, sjå til dømes [Pengepolitisk rapport 3/22](#).

Klimarisiko og finansiell stabilitet

Ein viktig del av samfunnsoppdraget til Noregs Bank er å fremje eit robust finansielt system. Ei rask og brå omstilling kan medføre ein risiko for den finansielle stabiliteten. Overgang til lågare utslepp av klimagassar og ny regulering inneber ein overgangsrisiko for norsk økonomi i åra som kjem.

Finansføretaka må sørgje for at dei er godt rusta til å vurdere og handtere klimarisikoen. Engasjement med store utslepp vil få størst behov for omstilling og er dermed mest utsette for overgangsrisiko. Analysar som Noregs Bank har publisert i 2021, viser at dei norske bankane si direkte eksponering mot engasjement som er sårbare for auka prisar på klimagassutslepp, er moderat.

Velfungerande finansmarknader er viktige for finansieringa av investeringar som kan møte klimaendringane. God informasjon om klimarisiko er òg viktig. I 2022 har vi hatt søkjelys på høge energikostnader. Noregs Bank har



Styringsrenta er ikkje noko eigna verkemiddel for å påverke klimaet, men dei pengepolitiske vurderingane kan bli påverka av effektane klimarelaterte forhold har på norsk økonomi.

gjort analysar som viser at meir energimerking av eigedom er nødvendig for at bankane skal kunne gjere gode risikovurderingar.

Framover vil Noregs Bank halde fram arbeidet med å gjere kvantitative vurderingar av klimarisiko for norske bankar og delta i det internasjonale arbeidet med nye rapporteringskrav.

Sjå ytterlegare omtale i rapporten [Finansiell stabilitet 2022](#).



Klimarisiko i valutareservane

Det er hovudstyret sitt vedtak om prinsipp for ansvarlege investeringar og Noregs Bank sin strategi for berekraft, inkludert handtering av klimarelaterte spørsmål og klimarisiko, som ligg til grunn for valutareserveforvaltinga.

Valutareservane består av ein obligasjonsportefølje og ein aksjeportefølje. Obligasjonsporteføljen skal sikre at valutareservane har god nok likviditet for beredskapsformål og for at Noregs Bank kan oppfylle dei internasjonale forpliktingane sine. Obligasjonsporteføljen består såleis av kontantar og likvide statsobligasjonar. Klimarelaterte spørsmål har derfor i liten grad påverka samansetjinga av obligasjonsporteføljen. Grøne obligasjonar inngår i investeringsuniverset dersom dei elles oppfyller fastsette kriterium.

Aksjeporteføljen i valutareservane blir forvalta etter dei same prinsippa og strategiane for ansvarleg forvalting som aksjeinvesteringane i Statens pensjonsfond utland. Det betyr at klimahandlingsplanen for fondet, inkludert målet om at selskapa skal innrette verksemda slik at ho er i samsvar med globale netto nullutslepp innan 2050, òg omfattar aksjeporteføljen i valutareservane.

Basert på den prosentvise eigarandelen i dei enkelte selskapa utgjorde dei totale utsleppa i aksjeporteføljen til valutareservane 864 323 tonn CO₂-ekvivalentar i 2022. Utsleppsintensiteten, som viser utslepp av tonn CO₂-ekvivalentar per million dollar i omsetning, var i 2022 på 128 tonn CO₂-ekvivalentar per million dollar i omsetning.



Klimarisiko og klimaomstillingar vil bli tekne inn i vurderingane av behovet for valutareservar.

Arbeid med klimarisiko i Statens pensjonsfond utland

Handtering av klimarisiko i forvaltninga er ein del av den ansvarlege fondsforvaltninga. Ein utfyllande omtale er å finne i rapporten [Ansvarlig forvaltning, Statens pensjonsfond utland](#).


Klimahandlingsplan 2025 beskriv tiltak for å handtere klimarisiko som skal gjennomførast i perioden 2022–2025. Desse tiltaka vil bidra til å forbetre marknadsstandardane, inkludert rammeverk for klimarapportering, å ruste porteføljen betre mot klimarisiko og eit målretta aktivt eigarskap. Kjernen i arbeidet er å drive selskapa fondet er investert i, mot netto nullutslepp innan 2050, og få dei til å sette seg mål og planar for å redusere dei direkte og indirekte klimagassutsleppa sine (ramme 1, 2 og 3). 17 prosent av selskapa i fondet hadde ved utgangen av 2022 mål om netto nullutslepp innan 2050, med forankring i anerkjende standardar som Science Based Targets Initiative. Vektar vi etter utslepp, er om lag 56 prosent av utsleppa (ramme 1 og 2) til selskapa i fondet dekte av slike mål. Gitt ei rask utvikling i både selskapa sine mål og anerkjende metodar er desse tala usikre.

Klimahandlingsplan 2025 legg i tråd med forvaltingsmandatet også opp til meir rapportering om klimarisikoen i porteføljen. Rapporteringa skal utviklast i samsvar med leiande internasjonale standardar. Rapporteringa inngår i fondsrapporteringa om ansvarleg forvaltning, mellom anna i eit eige vedlegg med TCFD-informasjon. Rapporten har med analysar og stresstestar mot ulike klimascenarior, inkludert eit scenarior som er i samsvar med global oppvarming på 1,5 grader.

Noregs Bank har målt og offentleggjort karbonavtrykket til selskapa i aksjeporteføljen og referanseindeksen sidan 2014, basert på rapporterte og modellerte data for ramme 1- og ramme 2-utslepp. Karbonavtrykksanalysar gir innsikt i omfanget av klimagassutslepp i selskapa som fondet er investert i. Analysen kan òg gi innblikk i risikoar og moglegheiter på tvers av bransjar. Det er framleis varierende frekvens og kvalitet på rapporteringa av klimagassutslepp. Sidan mange selskap framleis ikkje rapporterer utsleppstal, er store delar av karbonfotavtrykket til fondet berekna ved hjelp av modellar.



Kjernen i arbeidet er å drive selskapa som fondet er investert i, mot netto nullutslepp innan 2050.



Skogbrann sett frå lufta.

Noregs Bank er begynt å oppdatere rapporteringa av fondet sitt karbonavtrykk i tråd med rettleiinga frå Partnership for Carbon Accounting Financials (PCAF). Vi har målt såkalla finansierte utslepp, altså selskapa sine karbonutslepp vekta og summerte opp etter vår andel av verksemds-verdien deira, i 2022 for aksje- og selskapsobligasjonsporteføljen og referanseindeksen. Dei finansierte utsleppa i 2022 var 51,7 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, som er 15 prosent lågare enn tilsvarande for referanseindeksen. Basert på prosentvis eigarandel i dei enkelte selskapa utgjorde dei totale utsleppa i aksjeporteføljen til fondet 87,4 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i 2022. Som før vil tala vi offentleggjer for karbonavtrykk, bestå av rapporterte og estimerte utsleppsdata frå éi enkelt kjelde, S&P Global Trucost, for å sikre konsistente data, slik PCAF tilrår.

Selskapa i aksjeporteføljen til fondet sleppte ut om lag 135 tonn CO₂-ekvivalentar per million dollar i omsetning. Dette blir kalla utsleppsintensiteten til aksjeporteføljen. I 2022 var han 12 prosent lågare enn for referanseindeksen. For selskapsobligasjonar er karbonintensiteten til porteføljen 13 prosent lågare enn karbonintensiteten til referanseindeksen.

Forståinga av kva effektar klimaendringane har på verdsøkonomien og finansmarknadene, kjem til å utvikle seg framover òg. Samtidig vil myndigheitene innføre nye reguleringar, ein vil sjå nye teknologiske framsteg, preferansane til forbrukarane vil endre seg, og selskap vil tilpasse strategiane sine tilsvarande. Denne utviklinga vil påverke klimarisikoen til fondet. Til sjuande og sist er klimarisikoen til fondet avhengig av myndigheitstiltak som gir ein ordna og føreseieleg klimaovergang, og av at selskapa når måla om netto nullutslepp.

Arbeid med klimarisiko i egedomsforvaltinga i Statens pensjonsfond utland

Egedomsinvesteringar har lang tidshorisont. Vi inngår lange leigekontraktar, og avgjerder om oppussing og forbetring av bygga vi eig, er langsiktige. Omsynet til klimaendringar står derfor sentralt. Egedomsporteføljen til Noregs Bank er eksponert både mot fysisk klimarisiko, som ekstremvær, gradvis auka havnivå og flaum som kan føre til direkte skadar på eller nedstenging av bygg, og overgangsrisiko, som lovpålagd reduksjon av



Selskapa i aksjeporteføljen til fondet sleppte ut om lag 135 tonn CO₂-ekvivalentar per million dollar i omsetning.

energiforbruk eller lågare etterspurnad etter bygg med høge utslepp. Stadig fleire leigetakarar har mål om netto nullutslepp for si eiga verksemd, noko som gjer at dei føretrekkjer energieffektive bygningar med energi frå fornybare energikjelder.

Klimahandlingsplan 2025 set mål om netto nullutslepp innan 2050 for eigedomsporføljen og mål om 40 prosent reduksjon for utslepp frå ramme 1 og ramme 2 innan 2030. For å nå desse måla vil vi arbeide for å redusere utsleppa i eigedomsporføljen og integrere klimarisikovurderingar i investeringsprosessane våre.

Vi måler framgang mot målet om netto nullutslepp i eigedomsporføljen ved bruk av forskingsbaserte utsleppsbanar i samsvar med global oppvarming på 1,5 grader for ulike eigedomsmarknader, utvikla av Carbon Risk Real Estate Monitor (CRREM). Andelen av eigedomsporføljen som samsvarer med desse utsleppsbanane berekna på 2021-utslepp, er 26 prosent. I tillegg bruker vi den globale norma for berekraftig eigedomsforvaltning, Global Real Estate Sustainability Benchmark (GRESB). Eigedomsporføljen i fondet oppnådde i 2022 ein samla poengverdi på 81 av 100. I tillegg var 82 prosent av bygga i den unoterte eigedomsporføljen vår miljøsertifiserte ved utgangen av 2022.



Klimapåverknad i drifta til Noregs Bank

Noregs Bank har som ambisjon å redusere utsleppa frå eiga drift i tråd med Parisavtalen. Vi skal arbeide systematisk med tiltak for å redusere utsleppa våre.

Noregs Bank utarbeider kvart år ein klimarekneskap for si eiga drift i tråd med standarden The Greenhouse Gas Protocol og Miljøfyrtårn. Klimarekneskapen inkluderer direkte og indirekte klimagassutslepp (ramme 1, 2 og 3).

85 %
av dei totale
utsleppa kjem
frå flyreiser.

TABELL 2 Årleg klimarekneskap for drifta av Noregs Bank.

Utslepp av klimagassar, tonn CO ₂ -ekvivalentar ¹		2019 ²	2021	2022	Endring frå 2021–2022	Endring frå 2019–2022
Direkte utslepp (ramme 1)	Køyretøy, drivstoff	20	15	16	4 %	-21 %
	Diesel til oppvarming	1	2	9	310 %	653 %
Indirekte utslepp (ramme 2)	Elektrisitet	745	656	646	-1 %	-13 %
	Fjernvarme	4	4	3	-16 %	-3 %
Indirekte utslepp, anna (ramme 3)	Flyreiser	8 378	692	5 175	648 %	-38 %
	Hotell	450	32	156	384 %	-65 %
	Km.godtgjersle	11	6	11	82 %	-1 %
	Avfall	57	25	40	58 %	-30 %
Totalt klimagassutslepp³		9 667	1 433	6 056	323 %	-37 %

¹ Inkluderer gassane CO₂, CH₄, N₂O, HFC_s, PFCS, SF₆ og NF₃. Noregs Bank bruker i hovudsak utsleppsfaktorar frå DEFRA (UK Department for Environment, Food and Rural Affairs) og CEMAsys.

² Noregs Bank bruker 2019 som referanseår. Dette er det siste året med normal aktivitet med godt datagrunnlag.

³ Klimarekneskapen inkluderer kontora der vi har operasjonell kontroll i Oslo, London, New York, Singapore og Shanghai.


Den største utsleppskjelda er flyreiser, som står for til saman 85 prosent av dei totale utsleppa. Nedgangen i utslepp frå 2019 til 2021 er i stor grad knytt til koronapandemien. I 2022 har reiseaktiviteten auka. Framover vurderer vi mål og tiltak for korleis vi skal avgrense klimaavtrykket frå tenestereisene våre.

Vi arbeider med å redusere utsleppa knytte til energibruk ved kontora våre. På hovudkontoret på Bankplassen 2 er ventilasjonsaggregat og andre tekniske installasjonar dei seinare åra blitt skifta ut med meir

energieffektive versjonar. Vi har dessutan gjennomført tiltak for å redusere energiforbruk til belysning, ventilasjon og varmeanlegg. I det igangverande oppgraderingsprogrammet på hovudkontoret er arbeidet med klima sentralt, og der byter vi mellom anna til utstyr som bruker mindre energi. På dei internasjonale kontora, der vi er leigetakar, er det gjennomført tiltak for å redusere energiforbruket til belysning, og innetemperaturen er justert.

Klimarekneskapen skal utviklast over tid til å inkludere fleire kjelder, til dømes utslepp frå datasenterdrift. Noregs Bank har krav om at datasenter skal vere konstruerte og drifta på ein miljøvennleg måte som sikrar effektiv ressursutnytting og bruk av fornybare kjelder.

Hovudkontoret på Bankplassen 2 er Miljøfyrtårn-sertifisert. Det gir tilgang til verktøy som gjer det lettare for banken å måle og forbetre miljøprestasjonane. I 2022 inkluderte banken nye bransjespesifikke kriterium for bank og finans. Desse kriteria gjeld i hovudsak tema innanfor ansvarleg forvaltning.





Samfunn og sosiale forhold

Noregs Bank skal vere ein open sentralbank. Brei kunnskap om arbeidet, oppgåvene og ansvarsområda til banken er viktig for å byggje opp tillit. Vi skal tiltrekke oss, utvikle og behalde dyktige og motiverte medarbeidarar. I Noregs Bank legg vi til rette for at alle skal trivast, bli utfordra og ha kompetanse til å møte nye utfordringar.

Ved utgangen av 2022 hadde Noregs Bank 1 007 fast tilsette. Av desse er 572 tilsette i Norges Bank Investment Management, 272 i sentralbankverksemda, 156 i Noregs Bank Administrasjon og 7 i Tilsynssekretariatet. Noregs Bank er ein global organisasjon der 45 prosent av dei tilsette jobbar ved kontor i London, New York, Singapore og Shanghai og ved dotterselskap i Paris, Luxembourg og Tokyo.

Ein open sentralbank

I 2022 er foredrag og innlegg blitt prioriterte i takt med at samfunnet har opna opp etter nedstenginga. Leiinga og fagekspertar frå fondet og sentralbanken har halde ei rekkje foredrag for ulike målgrupper. Det er særleg blitt satsa på å nå studentar og på å møte publikum på nye arenaer. I tillegg prøver banken å besøkje alle landsdelar kvart år. Også i 2022 deltok banken på KÅÅnomics i Stavanger og på Arendalsuka. I etterkant av renteavgjerda i august arrangerte vi eit pressetreff i Arendal som var ope for publikum. I november arrangerte vi òg ein pressekonferanse etter den mellomliggjande renteavgjerda.

Gjennom nettsidene til Noregs Bank og Norges Bank Investment Management prøver banken å kommunisere på ein forståeleg måte både med det norske folket og internasjonale målgrupper. Noregs Bank prøver heile vegen å dele informasjon som allmenta kan ha interesse av, og vi publiserer ei rekkje rapportar og publikasjonar om fagtema.

Sosiale medium og fagbloggen [Bankplassen](#) er ein viktig del av openheitsstrategien til Noregs Bank. I 2022 lanserte Norges Bank Investment Management podkasten In Good Company, der Nicolai Tangen intervjuar toppleiarar i nokre av dei største selskapa fondet er investert i. Formålet med podkasten er å gi eigarane av fondet, det norske folket, større innsikt i selskapa fondet er investert i, og presentere dei for leiarane av desse selskapa.

Forskingsmiljøet i Noregs Bank er eit bindeledd mellom banken og akademia. I 2022 har forskarar i Noregs Bank hatt omfattande kontakt med forskarar frå universitet og andre sentralbankar gjennom felles forskingsprosjekt og presentasjon av igangverande arbeid på norske og internasjonale konferansar og seminar. I 2022 fekk forskarar i Noregs Bank godkjent åtte artiklar for publisering i tidsskrift med fagfelleevaluering.



Noregs Bank prøver så godt vi kan å dele informasjon som allmenta kan ha interesse av.

Samarbeid og initiativ

Noregs Bank har eit utstrekt internasjonalt samarbeid. I tillegg til formalisert internasjonalt samarbeid har Noregs Bank regelmessig kontakt med dei nordiske sentralbankane, Den europeiske sentralbanken (ESB) og andre sentralbankar for informasjons- og kunnskapsdeling.

Det internasjonale valutafondet (IMF)

Noregs Bank forvaltar norske rettar og plikter knytte til at Noreg deltek i Det internasjonale valutafondet (IMF). Sentralbanksjefen er den norske staten sin representant (guvernør) i det øvste IMF-organet, guvernørrådet. Den viktigaste finansieringskjelda for IMF-utlåna er innskot frå medlemslanda, som er pliktig for alle medlemslanda. Noregs Bank har ei ståande plikt til å stille valuta tilsvarande den norske kvoten til disposisjon for IMF sine utlån. Noregs Bank stiller òg valutareservar til disposisjon for IMF i form av avtalte trekkrettar. Etter avtale gir Noregs Bank råd til Finansdepartementet om standpunkt i saker som skal behandlast i IMF-styret.

Teknisk assistanse til sentralbanken i Mosambik

Noregs Bank har sidan 2017 gitt teknisk assistanse til sentralbanken i Mosambik. Målet er å bidra til å modernisere sentralbankfunksjonane og dekkjer heile sentralbankfeltet. Assistansen skjer i samarbeid med IMF og er finansiert av Utanriksdepartementet.

Den internasjonale oppgjersbanken (BIS)

Noregs Bank er medeigar i Den internasjonale oppgjersbanken (Bank of International Settlements – BIS), som har som hovudoppgåve å fremje samarbeidet mellom sentralbankane. BIS utfører forretningar for sentralbankane, utarbeider analysar og statistikk og organiserer møte og diskusjonar mellom medlemsbankane. Sentralbanksjefen deltek regelmessig på møte i BIS. I 2021 blei BIS Innovation Hub Nordic Centre etablert i Stockholm, eit samarbeid mellom BIS og sentralbankane i Sverige, Noreg, Danmark og på Island. Senteret skal særleg arbeide med å analysere finansielle innovasjonar som er viktige for sentralbankar.



Noregs Bank har eit utstrekt internasjonalt samarbeid.

Network for Greening the Financial System (NGFS)

Noregs Bank har vore medlem av NGFS sidan desember 2018. NGFS er eit nettverk for sentralbankar og tilsynsmakter som skal bidra til å auke kunnskapen om korleis finansielle myndigheiter og finanssektoren kan ta omsyn til klimarisikoen og miljøet.

Deltaking i tilsynsarbeidet til EU

Noregs Bank er medlem utan stemmerett i European Systemic Risk Board (ESRB). ESRB identifiserer og analyserer truslar mot finansiell stabilitet i EU og prøver å avgrense systemrisikoen ved å gi tilrådingar om god politikk og åtvaringar om uheldige utviklingstrekk. Sentralbanksjefen er representant i ESRBs øvste avgjerdsorgan, General Board. Finanstilsynet er medlem utan stemmerett i The European Banking Authority (EBA) – den europeiske tilsynsmyndigheita for banktilsyn. Noregs Bank følgjer med Finanstilsynet på møta i Board of Supervisors, som er det øvste avgjerdsorganet til EBA.

Financial Stability Board (FSB)

Noregs Bank, Finansdepartementet og Finanstilsynet er medlem i FSBs Regional Consultative Group for Europe (RCGE). Sentralbanksjefen representerer Noregs Bank. FSB er eit G20-organ som utarbeider analysar og vurderingar av finansielle forhold som inngår i dei ulike prosessane til organet. RCGE er ei gruppe for utveksling av informasjon og synspunkt mellom europeiske land i og utanfor G20.

Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) sin kapitalmarknadskomité (CFM)

Noregs Bank og Finansdepartementet er medlem av OECDs kapitalmarknadskomité (CFM). Komiteen arbeider for å fremje effektive, opne, stabile og sunne finansielle system gjennom analysar og politisk dialog.

Nordisk-baltisk samarbeid om finansmarknadsspørsmål

Noregs Bank deltek i nordisk-baltisk forum for makrotilsyn (NBMF) og i nordisk-baltisk stabilitetsgruppe (NBSG). I NBMF drøftar sentralbankar og tilsynsmyndigheiter spørsmål knytte til systemrisiko og grensekryssande bankverksemd i regionen. NBSG har som hovudoppgåve å styrkje beredskapen for å kunne handtere grensekryssande truslar mot finansiell stabilitet i regionen. I denne gruppa deltek finansdepartementa òg.

Norges Bank Academic Programme (NBAP)

Målet med det akademiske programmet er å fremje makro- og finans-økonomisk forskning og utdanning i Noreg. NBAP er koordinert i fellesskap av sentralbanken og Norges Bank Investment Management. Programmet består av tre delprogram: PhD Scholarship programme, co-financing for hiring og co-financing of PhD-courses.

Statens pensjonsfond utland

I forvaltinga av Statens pensjonsfond utland støttar ein initiativ der fleire selskap eller investorar går saman om å finne felles standardar for berekraftig verksemd. Slike initiativ fungerer best når fleire selskap i éin bransje eller éi verdikjeda står overfor den same utfordringa. I initiativa våre ser vi på utfordringar som oppfølging av leverandørkjeda og rapportering.

Vi støttar og tek initiativ til forskingsprosjekt for å forstå og bidra til betre marknadsstandardar. Vi samarbeider med akademiske institusjonar for å lære av den seinaste forskinga og skaffe oss analysar som kan vere relevante for investeringsstrategien, risikoanalysane og eigarskapen. I 2022 gav vi støtte til eit forskingsprosjekt om klimarisiko og tre prosjekt om selskapsstyring og eigarstruktur.



Nordisk sentralbanksjefmøte
november 2022.

Mangfold, likestilling og inkludering

Vi skal vere leiande på fagområda våre, og vi meiner at auka mangfold og inkludering gjer oss betre. Mangfold bidreg til fleire perspektiv, meir kreativitet og betre vurderingar. Noregs Bank har signert Kvinner i Finans Charter og arbeider systematisk for å oppnå kjønnsbalanse.

Målet til Noregs Bank er å ha ein kjønnsbalanse på minimum 40 prosent for banken samla sett, og vi har eit langsiktig mål om ein kjønnsbalanse på 40 prosent på leiarnivå og i spesialistfunksjonar.

Gjennom utvikling av ulike HR-data, gjennomføring av medarbeidarundersøkingar, medarbeidersamtalar og HMS-arbeid arbeider vi systematisk med å identifisere risiko for diskriminering eller andre hinder for likestilling. Noregs Bank vil i den nye strategiperioden vidareføre og styrkje arbeidet med å setje konkrete mål og setje i verk tiltak i mangfalds-, likestillings- og inkluderingsarbeidet.



Vi skal vere leiande på fagområda våre, og vi meiner at auka mangfold og inkludering gjer oss betre.



Fullt hus og stort engasjement i auditoriet då vi markerte kvinnedagen og temaet #BreakTheBias.

Tilsette og kjønnsbalanse

Noregs Bank har medarbeidarar av 39 ulike nasjonalitetar: 11 i sentralbankverksemda, 9 i Noregs Bank Administrasjon og 35 i Norges Bank Investment Management. Ved utgangen av 2022 hadde Noregs Bank ein kvinneandel på 35 prosent. Det er ein auke frå 34 prosent i 2021 og 33 prosent i 2020. Kvinneandelen var 29 prosent i Norges Bank Investment Management i 2022. Det er ein auke frå 27 prosent i 2021 og 25 prosent i 2020. I sentralbankverksemda var kvinneandelen 35 prosent i 2022. Det er ein auke frå 34 prosent i 2021 og 33 prosent i 2020. I Noregs Bank Administrasjon har kvinneandelen dei siste åra vore stabil med 57 prosent i 2022, 58 prosent i 2021 og 57 prosent i 2020.

35 %
kvinneandel totalt i
Noregs Bank i 2022.

TABELL 3 Prosentdel kvinner og menn per stillingsgruppe på hovudkontoret i Oslo.¹

Stillingsgruppe	2022		2021		2020	
	Prosentdel menn	Prosentdel kvinner	Prosentdel menn	Prosentdel kvinner	Prosentdel menn	Prosentdel kvinner
Einingsdirektør	75 %	25 %	76 %	24 %	82 %	18 %
Seksjonsleiar	62 %	38 %	68 %	32 %	73 %	27 %
Analysedirektør	100 %	0 %	-	-	-	-
Spesialrådgivar	72 %	28 %	71 %	29 %	74 %	26 %
Seniorrådgivar	61 %	39 %	65 %	35 %	65 %	35 %
Rådgivar	50 %	50 %	51 %	49 %	51 %	49 %
Analytikar	65 %	35 %	-	-	-	-
Konsulent	56 %	44 %	47 %	53 %	47 %	53 %
Servicemedarbeidar	0 %	100 %	0 %	100 %	25 %	75 %

¹ Stillingsgruppa analytikar og analysedirektør blei i 2022 etablert i rammeverket for stillingsgrupper på tvers av sentralbankverksemda, Noregs Bank Administrasjon og Norges Bank Investment Management. Tidlegare var desse stillingane i stillingsgruppene rådgivar og spesialrådgivar, derfor blir det for 2022 ei endring i utvalet for desse stillingsgruppene.

Balansen mellom kvinner og menn har dei siste åra hatt ei positiv utvikling for fleire stillingsgrupper. Banken vil arbeide for å auke andelen kvinner i mellomleiarstillingar ytterlegare, både gjennom internt avansement og ekstern rekruttering. Vi vil halde fram med det målretta arbeidet for betre kjønnsbalanse på alle nivå i banken. Det gjer vi mellom anna gjennom etterføljarplanlegging og ved å ha konkrete utviklingsplanar for den enkelte tilsette, styrkje rekrutteringsprosessane og auke omdømmearbeidet i kandidatmarknaden.

Kandidatmarknaden er framleis stram, og det er spesielt utfordrande for IT-stillingar. Likevel ser vi at marknaden verkar å søkje meir tryggleik i form av jobbar i offentleg sektor. I 2022 klatra Noregs Bank over ti plassar blant yrkesaktive i Universum si kåring av dei mest attraktive IT-arbeidsplassane i landet. Dette er andre året på rad at Noregs Bank klatrar over ti plassar, og det viser at omdømmearbeidet har effekt. I sentralbankverksemda og Noregs Bank Administrasjon var kjønnsfordelinga blant søkjarane i 2022 62 prosent menn og 38 prosent kvinner. Av dei som blei tilsette, var 56 prosent menn og 44 prosent kvinner. Tilsvarande tal for Norges Bank Investment Management var 70 prosent menn og 24 prosent kvinner blant søkjarane (6 prosent ønskte ikkje å oppgi kjønn). Av dei som blei tilsette, var 65 prosent menn og 35 prosent kvinner.

Mangfald har òg vore viktig i graduate-programmet i Norges Bank Investment Management for 2022. I tillegg til å søkje etter kandidatar med variert kompetansebakgrunn har vi søkt etter kandidatar med ulik sosioøkonomisk bakgrunn og kandidatar med minoritetsbakgrunn. I 2022 begynte 16 graduates – 63 prosent menn og 37 prosent kvinner – med variert bakgrunn og erfaring og med utdanning frå ulike norske og utanlandske lærestader. Av desse hadde 56 prosent norsk statsborgarskap, 38 prosent hadde dobbelt statsborgarskap, og 13 prosent var av andre nasjonalitetar. Vidare blei det i 2022 rekruttert 30 personar til sommarinternship-programmet til Norges Bank Investment Management. Av desse var 60 prosent menn og 40 prosent kvinner. Det er ein auke frå 25 prosent i 2021. Den gongen var 64 prosent menn og 36 prosent kvinner. I sentralbankverksemda og i Noregs Bank Administrasjon blir studentengasjement brukt aktivt på ulike område. Ved utgangen av 2022 var det 33 studentar på engasjement, og av desse var 52 prosent kvinner og 48 prosent menn.

I Norges Bank Investment Management er det oppretta eit nettverksinitiativ for kvinnelege tilsette som har som formål å byggje og styrkje relasjonar og skape ein arena for personleg utvikling og deling av kunnskap og erfaringar globalt og innanfor kvar lokasjon.




Nye graduates 2022.


Kjønnsbalanse

■ Kvinner ■ Avvik mot målsetjing ■ Menn


Graduates



Kjønnsbalanse per verksemdsområde



Kjønnsbalanse per kontor



Lønns- og kompensasjonsordningar

Hovudstyret set rammene for lønns- og kompensasjonsordningane i banken og følgjer opp korleis ordningane blir praktiserte. Lønnsnivået skal vere konkurransedyktig, men ikkje marknadsleiande.

Lønnsfastsetjinga er individuell og reflekterer ansvaret, oppgåvene, kompetansen, erfaringa og prestasjonane som stillinga krev. Tabellen nedanfor viser kartlegging av kjønnsbalanse, fastlønn og utbetalt godtgjersle i dei ulike stillingsgruppene ved utgangen av 2022 ved hovudkontoret i Oslo. Total godtgjersle inkluderer fastlønn, prestasjonsbasert lønn og utbetalt overtid. Alle tilsette som arbeider med investeringsavgjerder, har rett på prestasjonslønn. Av personvernomsyn må det vere minst fem av kvart kjønn i stillingsgruppa for å kunne publisere lønnsdata. Personvernomsyn gjer at det ikkje er mogleg å vise resultatata av kartlegginga for enkelte stillingsgrupper og for utekontora våre.

Lønnsforskjellar mellom kvinner og menn kjem av det er ei overvekt av menn i stillingar der ein arbeider med investeringsavgjerder. Stillingar med investeringsansvar har generelt høgare lønn i marknaden samanlikna med stillingar på same nivå innanfor andre område. Felles for begge verksemdene er at utbetalt overtid har effekt på tala for utbetalt godtgjersle òg. Vi ser generelt at menn har jobba relativt sett meir overtid enn kvinner i 2022.



Lønnsfastsetjinga er individuell og reflekterer ansvaret, oppgåvene, kompetansen, erfaringa og prestasjonane som stillinga krev.

TABELL 4 Lønnskartlegging per stillingsgruppe for fastlønn i Noregs Bank Oslo.

Noregs Bank Oslo	Median fastlønn		Lønnsforskjellar – kvinnerns andel av menns lønn i %	Gjennomsnitt fastlønn		Lønnsforskjellar – kvinnerns andel av menns lønn i %
	Menn	Kvinner		Menn	Kvinner	
Einingsdirektør	1 668 000	1 570 000	94 %	1 912 000	1 701 000	89 %
Seksjonsleiar	1 363 000	1 325 000	97 %	1 422 000	1 346 000	95 %
Spesialrådgivar	1 224 000	1 198 000	98 %	1 289 000	1 203 000	93 %
Seniorrådgivar	950 000	950 000	100 %	982 000	970 000	99 %
Rådgivar	766 000	760 000	99 %	798 000	769 000	96 %
Analytikar	575 000	553 000	96 %	588 000	571 000	97 %
Konsulent	741 000	720 000	97 %	752 000	699 000	93 %

TABELL 5 Lønnskartlegging per stillingsgruppe for utbetalt godtgjersle i Noregs Bank Oslo.

Noregs Bank Oslo	Median utbetalt godtgjersle		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %	Gjennomsnitt utbetalt godtgjersle		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %
	Menn	Kvinner		Menn	Kvinner	
Einingsdirektør	1 690 000	1 570 000	93 %	2 170 000	1 788 000	82 %
Seksjonsleiar	1 451 000	1 402 000	97 %	1 585 000	1 416 000	89 %
Spesialrådgivar	1 349 000	1 262 000	94 %	1 491 000	1 273 000	85 %
Seniorrådgivar	980 000	964 000	98 %	1 062 000	1 014 000	95 %
Rådgivar	800 000	765 000	96 %	834 000	780 000	94 %
Analytikar	578 000	553 000	96 %	593 000	596 000	101 %
Konsulent	837 000	756 000	90 %	850 000	722 000	85 %

TABELL 6 Lønnskartlegging per stillingsgruppe for fastlønn i sentralbankverksemda og Noregs Bank Administrasjon.

Sentralbanken og Noregs Bank Administrasjon Oslo	Median fastlønn		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %	Gjennomsnitt fastlønn		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %
	Menn	Kvinner		Menn	Kvinner	
Einingsdirektør	1 546 000	1 522 000	98 %	1 595 000	1 537 000	96 %
Seksjonsleiar	1 167 000	1 281 000	110 %	1 215 000	1 290 000	106 %
Spesialrådgivar	1 200 000	1 185 000	99 %	1 217 000	1 165 000	96 %
Seniorrådgivar	942 000	924 000	98 %	950 000	933 000	98 %
Rådgivar	762 000	760 000	100 %	777 000	759 000	98 %
Analytikar	635 000	584 000	92 %	624 000	590 000	95 %
Konsulent	741 000	720 000	97 %	752 000	699 000	93 %

TABELL 7 Lønnskartlegging per stillingsgruppe for utbetalt godtgjersle i sentralbankverksemda og Noregs Bank Administrasjon.

Sentralbanken og Noregs Bank Administrasjon Oslo	Median utbetalt godtgjersle		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %	Gjennomsnitt utbetalt godtgjersle		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %
	Menn	Kvinner		Menn	Kvinner	
Einingsdirektør	1 559 000	1 522 000	98 %	1 601 000	1 537 000	96 %
Seksjonsleiar	1 167 000	1 281 000	110 %	1 222 000	1 297 000	106 %
Spesialrådgivar	1 220 000	1 220 000	100 %	1 246 000	1 222 000	98 %
Seniorrådgivar	970 000	942 000	97 %	981 000	959 000	98 %
Rådgivar	808 000	765 000	95 %	818 000	770 000	94 %
Analytikar	646 000	600 000	93 %	634 000	618 000	97 %
Konsulent	837 000	756 000	90 %	850 000	722 000	85 %

TABELL 8 Lønnskartlegging per stillingsgruppe for fastlønn i Norges Bank Investment Management.

Norges Bank Investment Management Oslo	Median fastlønn		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %	Gjennomsnitt fastlønn		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %
	Menn	Kvinner		Menn	Kvinner	
Seksjonsleiar	1 580 000	1 450 000	92 %	1 593 000	1 422 000	89 %
Spesialrådgivar	1 300 000	1 295 000	100 %	1 374 000	1 294 000	94 %
Seniorrådgivar	980 000	1 003 000	102 %	1 014 000	1 041 000	103 %
Rådgivar	770 000	763 000	99 %	807 000	790 000	98 %
Analytikar	550 000	550 000	100 %	565 000	557 000	99 %

TABELL 9 Lønnskartlegging per stillingsgruppe for utbetalt godtgjersle i Norges Bank Investment Management.¹

Norges Bank Investment Management Oslo	Median utbetalt godtgjersle		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %	Gjennomsnitt utbetalt godtgjersle		Lønnsforskjellar – kvinners andel av menns lønn i %
	Menn	Kvinner		Menn	Kvinner	
Einingsdirektør	1 670 000	1 537 000	92 %	1 885 000	1 579 000	84 %
Seksjonsleiar	1 674 000	1 350 000	81 %	1 782 000	1 394 000	78 %
Spesialrådgivar	1 007 000	1 034 000	103 %	1 144 000	1 119 000	98 %
Seniorrådgivar	800 000	763 000	95 %	841 000	802 000	95 %
Rådgivar	550 000	550 000	100 %	564 000	580 000	103 %
Analytikar	550 000	550 000	100 %	565 000	557 000	99 %

¹ Nytt i 2022: Stillingsgruppa analytikar og analysedirektør fører til endring i utval av tilsette og analyse for stillingsgruppa rådgivar og spesialrådgivar.

Rekruttering

Noregs Bank arbeider systematisk for å tiltrekke seg og rekruttere dei beste kandidatane frå dei fremste fagmiljøa nasjonalt og internasjonalt. Vi ønskjer variasjon i erfaring og ulike perspektiv og rekrutterer på tvers av nasjonalitet, kjønn, alder, bakgrunn, kunnskap og kompetanse for å auke mangfaldet i organisasjonen.

Rekrutteringsprosessen er viktig i arbeidet for auka mangfald. Stillingsannonser blir utforma for å appellere til eit breitt spekter av søkjarar, og Noregs Bank har klare forventingar om at rekrutteringsbyråa skal leggje vekt på mangfald i kandidatsøka. Sjekkpunkt i intervjuprosessen skal sikre ei objektiv og rettferdig behandling, og retningslinjer for lønnsfastsetjing og lønnsrapportering skal sikre likebehandling, uavhengig av kjønn og bakgrunn. Ved val av kandidatar er leiarar gjorde merksame på faren for «ubevisst seleksjon». All rekruttering skal behandlast og godkjennast i medråderetts- og personalutvalet, der det sit representantar frå leiinga og fagforeiningane.

I arbeidet med å nå målet om ein kjønnsbalanse på minimum 40 prosent jobbar banken mellom anna med å synleggjere våre kvinnelege tilsette som førebilete på ulike arenaer. I tillegg blir kvinnelege tilsette på tvers av organisasjonen oppmoda om å søkje seniorposisjonar internt.

Gjennom Kunnskapssenteret, bedriftspresentasjonar og forelesingar på skular og universitet og i relevante nettverk arbeider Noregs Bank for at studentar og elevar skal få meir kjennskap til banken. Norges Bank Teaching Initiative og NBIM Teach er begge initiativ der tilsette i banken



Vi rekrutterer på tvers av nasjonalitet, kjønn, alder, bakgrunn, kunnskap og kompetanse for å auke mangfaldet i organisasjonen.

held forelesingar ved universitet om økonomi, finans og teknologi. Vidare arrangerer Noregs Bank kvart år ein landsomfattande casekonkurrans for studentar. Formålet med konkurransane er å engasjere studentar og elevar til å få innsikt i økonomiske problemstillingar innanfor kjerneoppgåvene til sentralbankverksemda. Nytt i 2022 var lanseringa av eit eige case-NM for juniorar der elevar på vidaregåande skular i Noreg kunne velje mellom å konkurrere i pengepolitikk eller kapitalforvaltning.

Karriereutvikling og etterfølgjarplanlegging

Noregs Bank skal leggje til rette for eit utviklingsløp som legg vekt på potensialet til den tilsette, og som skaper engasjement og tilhøyrsløp.

Banken trur på livslang læring. I 2022 er det særleg satsa på læring gjennom digitale plattformer og leiarutvikling. Tilsette kan søkje om opphald og vidareutdanning ved utdanningsinstitusjonar. Banken har i tillegg ordningar der tilsette får erfaring gjennom å arbeide mellombels i andre avdelingar eller på andre lokasjonar i Noregs Bank. Enkelte tilsette får tilbod om opphald ved andre sentralbankar og andre relevante institusjonar.

Noregs Bank jobbar strategisk med utviklings- og etterfølgjarplanlegging for å sikre mangfald og kjønnsbalanse i senior- og leiarroller. Etterfølgjarplanlegging blir gjennomført i samlingar med leiargruppene og er ei god anledning til å sjå kompetansen og erfaringa til dei tilsette på tvers av avdelingar.


Fleksibilitet

Undersøkingar som banken har gjennomført, har vist at fleksibilitet er viktig for å rekruttere og behalde tilsette. Noregs Bank arbeider for å leggje til rette for fleksibilitet i arbeidskvardagen og for varierende behov gjennom karriereløpet. I 2021 innførte banken ei prøveordning der dei tilsette kan ha heimekontor opp til to dagar i veka. I 2022 bestemte banken seg for å vidareføre denne ordninga.

I Noregs Bank blir ein i all hovudsak tilsett på fulltidskontrakt. Unntak frå dette gjeld nokre tilsette ved kurs- og konferansesenteret til banken og enkelte timebaserte funksjonar. Majoriteten av mellombelse tilsetjingar i Noregs Bank gjeld kontraktar knytte til forskning og diverse timelønt arbeid. Dersom ein tilsett ønskjer å jobbe deltid ein periode, må vedkommande søkje om dette for eitt år om gongen. Noregs Bank reknar derfor ikkje ufrivillig deltid som ei utfordring.



I mars arrangerte vi finale i Noregs Bank Case-NM – rentesetjing i praksis 2022. Ti lag frå NTNU, NHH, UiS, UiO og UiB var med i finalen.



Noregs Bank tilbyr kjønnsnøytral foreldrepermisjon på 16 veker i tillegg til 10 vekers barselpermisjon for alle utekontora. Banken legg òg til rette for ein gradvis overgang til pensjonisttilværet når den tilsette ønskjer det. Gjennom pensjonistengasjement kan banken behalde erfaren arbeidskraft og bidra til at tilsette kan ta del i arbeidslivet også etter at dei er blitt pensjonistar.

TABELL 10 Mellombels tilsette, foreldrepermisjon og deltid i Oslo.

	Menn	Kvinner
Andel mellombels tilsette	1,2 %	1,8 %
Andel tilsette i deltidstilling	0,5 %	1,3 %
Veker foreldrepermisjon i gjennomsnitt ¹	9	17

¹ Viser kor mange veker foreldrepermisjon som er tekne ut i rekneskapsåret, ikkje kor mange veker den tilsette samla sett har teke ut.

Helse, miljø og sikkerheit

Gjennom den årlege medarbeidarundersøkinga måler vi engasjement, trivsel og helse blant dei tilsette og kartlegg hendingar knytte til diskriminering og uønskt åtferd. Resultat og tiltak blir presenterte og følgde opp årleg i leiargrupper og i arbeidsmiljøutvalet, som består av representantar for både leiinga og dei tilsette. Alle tilsette blir av leiarane sine involverte i dialog om og oppfølging av resultat og tiltak. HR støttar leiarar og tilsette der det er behov for det.

Noregs Bank har i 2022 arbeidd aktivt for å skape eit godt psykososialt arbeidsmiljø. Gjennom året er det gjennomført fleire initiativ retta mot korleis leiarar og tilsette sikrar eit positivt arbeidsmiljø, kva psykologisk tryggleik betyr for arbeidsmiljøet, og korleis vi kan identifisere risikoar for mobbing og trakassering. Alle tilsette har fått opplæring i å respektere og invitere kvarandre inn, aktivt lytte til ulike perspektiv og gi og ta imot konstruktive tilbakemeldingar. Det er òg gitt ulike tilbod til dei tilsette knytte til mental helse og stressmeistring.



Noregs Bank har i 2022 arbeidd aktivt for å skape eit godt psykososialt arbeidsmiljø.

Noregs Bank har eit tett samarbeid med bedriftshelsetenesta og har i 2022 jobba med å vidareutvikle det systematiske HMS-arbeidet. For å redusere risikoen for muskel- og skjelettplager har bedriftshelsetenesta bidrege med ergonomisk tilrettelegging av arbeidsplassen både på kontor og heimekontor. Noregs Bank har elles gode treningstilbod og har lagt til rette for at dei tilsette kan sykle til jobb. I arbeidet med å oppgradere hovudkontoret legg vi vekt på å forbetre inneklimate og leggje til rette for ein meir fleksibel arbeidskvardag for dei tilsette.

Vernetenesta i Noregs Bank med verneombod og hovudverneombod gjer ein viktig jobb med å vareta interessene til dei tilsette i arbeidsmiljøsaker. Vernetenesta blir inkludert i råd under planlegging og oppfølging av tiltak som påverkar arbeidsmiljøet.

Sjukefråværet i banken er stabilt lågt og var i 2022 på 2,3 prosent. Det er ein auke frå 1,7 prosent i 2021. Avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) omfattar no heile det norske arbeidslivet, og banken støttar opp under arbeidet med å førebyggje sjukefråvær. Noregs Bank har halde fram praksisen med utvida eigenmeldingsdagar for dei tilsette, i tråd med intensjonane i IA-avtalen.

I 2022 blei det rapportert om tolv HMS-relaterte hendingar knytte direkte til arbeid i kontorlokala til Noregs Bank eller til kurs og konferansesenter. Ingen skadar eller ulykker var så alvorlege at dei måtte rapporterast til Arbeidstilsynet.

Samarbeid med fagforeiningane

Forholdet mellom bankleiinga, dei tilsette og dei tillitsvalde skal vere basert på dialog, tillit og gjensidig respekt. Bankleiinga har god kontakt med fagforeiningane, mellom anna i medarbeidar- og personalutvalet, i arbeidsmiljøutvalet og i jamlege kontaktmøte med fagforeiningsrepresentantar på fleire nivå i banken. Dei tilsette har to representantar i hovudstyret som er med og behandlar administrative saker.



Forholdet mellom bankleiinga, dei tilsette og dei tillitsvalde skal vere basert på dialog, tillit og gjensidig respekt.



Verksemdsstyring, etikk og kultur

Dei etiske prinsippa slår fast at Noregs Bank skal halde ein høg etisk standard, respektere menneskerettane, opptre samfunnsansvarleg og etterleve gjeldande lover og reglar. Reglane omfattar mellom anna eigenhandel, verksemd utanfor banken, gåver og lojalitet til banken generelt. Hausten 2022 gjekk hovudstyret gjennom og oppdaterte dei etiske prinsippa for dei tilsette.

Finansdepartementet har fastsett eit eige regelverk om habilitet for medlemmer av hovudstyret i Noregs Bank og medlemmene av komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Som supplement til dette har hovudstyret vedteke eit eige regelverk om mellom anna habilitet og innskrenkingar for eigenhandel for dei eksterne medlemmene i desse to organa.

Noregs Bank har nulltoleranse for alle former for korrupsjon. Det er etablert eit rammeverk og eit program for antikorrupsjon som inkluderer leiingsforankring, risikostyring, etisk regelverk, handtering av varslingsmeldingar, innkjøpsarbeid, bakgrunnsjekk av tilsette og leverandørar, finansiell rekneskapsrapportering og systematisk opplæring og kontroll. I 2022 trente 580 tilsette i Norges Bank Investment Management spesifikt på å handtere interessekonfliktar og antikorrupsjon. Det er ingen stadfesta forhold knytte til korrupsjon i 2022.

Noregs Bank legg stor vekt på opplæring og bevisstgjerjing rundt dei mest sentrale etiske risikoområda. Tiltaka inkluderer mellom anna introduksjonskurs, éin-til-éin-opplæring, ein årleg test og ei stadfesting frå alle tilsette på at dei har gjennomgått dei etiske prinsippa.

Hovudstyret har fastsett prinsipp for intern varslings om kritikkverdige forhold i Noregs Bank. Det er fastsett varslingsrutinar der banktilsette og tilsette hos leverandørar kan rapportere anonymt om uetisk eller ulovleg åtferd. Alle varsel skal behandlast på ein forsvarleg måte i samsvar med saksbehandlingsreglane for varslings og eksterne og interne krav for varslings og utan risiko for gjengjelding overfor varslaren. I 2022 blei det innrapportert fire varslingsaker.



Noregs Bank legg stor vekt på opplæring og bevisstgjerjing rundt dei mest sentrale etiske risikoområda.

Ansvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland

Statens pensjonsfond utland skal forvaltast ansvarleg. Hovudstyret har fastsett prinsipp for ansvarleg forvaltning i Noregs Bank. Prinsippa kviler på internasjonale prinsipp og retningslinjer for god selskapsstyring og ansvarleg næringsliv frå Dei sameinte nasjonane (FN) og Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD). Målet for forvaltninga av fondet er å oppnå høgast mogleg avkastning med akseptabel risiko. Ansvarleg forvaltning støttar målsetjinga til fondet på to måtar. For det første prøver ein å fremje langsiktig verdiskaping i investeringane. For det andre prøver ein å redusere den finansielle risikoen knytt til miljømessige og sosiale forhold i selskapa. Det blir gjennomført eigne aktsemdsvurderingar for å fange opp og handtere investeringar med risiko for negativ innverknad på menneske og miljø.

Forvaltingsmandatet seier at arbeidet med ansvarleg forvaltingsverksemd skal vere integrert i fondsforvaltninga. Fondet har i oppgåve å ta vare på og utvikle finansielle verdiar for framtidige generasjonar. Langsiktig avkastning er avhengig av berekraftig vekst, velfungerande og legitime marknader og god selskapsstyring. Arbeidet med ansvarleg forvaltning kan delast inn i tre hovudområde: marknaden, porteføljen og selskapa.

Marknaden

Fondet er globalt. Det eig ein liten del av over 9 000 børsnoterte selskap i 70 land. Fondet har nytte av globale løysingar for å løyse felles utfordringar som klimaendringar. Noregs Bank bidreg til å utvikle relevante internasjonale standardar og er til dømes representert med nestleieren i den rådgivande investorgruppa til den internasjonale standardsetjaren for berekraftrapportering (ISSB). I 2022 deltok Noregs Bank i tolv offentlege høyringar med tilknytning til ansvarleg forvaltning. Alle høyringsvar blir offentleggjorde på nettsida om fondet, www.nbim.no. Høyringane tok mellom anna for seg viktige forhold som selskapsrapportering, selskapsstyring og ansvarleg næringsliv.

Noregs Bank støttar initiativ der fleire selskap eller investorar går saman om å finne felles standardar for berekraftig verksemd. Slike initiativ er mest aktuelle når fleire selskap i éin bransje eller éi verdikjede står



Langsiktig avkastning er avhengig av berekraftig vekst, velfungerande og legitime marknader og god selskapsstyring.



overfor den same utfordringa. Noregs Bank deltek for tida i ei rekkje initiativ i samarbeid med investorar, selskap og sivilsamfunn. Noregs Bank deltek, innanfor forvaltingsmandatet, i initiativ som ikkje legg føringar på stemmegiving eller investeringsavgjerder eller primært er retta direkte mot politiske myndigheiter. Noregs Bank gjer grundige vurderingar av kostnad, kompleksitet og nytte før han lanserer eller går inn i eit initiativ.

Sidan 2008 har Noregs Bank formulert tydelege forventingar til korleis selskapa som fondet er investert i, møter relevante globale utfordringar i verksemda, og til korleis styra bør fastsetje eigna strategiar, kontrollfunksjonar og rapporteringsrutinar. Forventingane dannar grunnlaget for dialog med selskap, og kvart år blir arbeidet til selskapa målt opp mot forventingane. I 2022 la Noregs Bank fram nye forventingar til korleis selskapa skal forvalte humankapital. Gjennom året er også forventingane om klimaendringar, menneskerettar og barns rettar blitt oppdaterte.

Porteføljen

Noregs Bank vurderer selskapsstyring og berekraft for å få betre forståing av risikoar og moglegheiter ved investeringane. Fondet overvakar korleis porteføljen er utsett for risikoar, og identifiserer bransjar og selskap for vidare oppfølging.

Noregs Bank oppmodar selskap om å gå frå ord til tal i rapporteringa for å gi ei betre forståing av finansielle moglegheiter og risikoar. For å gjennomføre desse analysane må det vere relevante, samanliknbare og pålitelege data om selskapsstyring, miljø og sosiale forhold. Noregs Bank analyserer klimagassutslepp frå selskapa i fondsporteføljen og ulike klimascenarior for fondet.

Noregs Bank har hovudsakleg tre tilnærmingar for å avdekkje og handtere risikoar knytte til selskapsstyring, miljø og sosiale forhold i porteføljen. Den første er førehandsfiltrering av selskap som er på veg inn i aksjeindeksen til fondet. Den andre er kontinuerleg overvaking av selskap i porteføljen gjennom daglege analysar av nyheitsstraumar og dessutan meir inngående tematiske analysar av spesifikke marknader og sektorar. Den tredje tilnærminga er kvartalsvise aktsemdsvurderingar av selskapa opp mot forventingane Noregs Bank har når det gjeld berekraft. I den årlege



publikasjonen om ansvarleg forvaltning gir banken meir informasjon om prosessane for aktsemdsvurderingar.

Når Noregs Bank identifiserer eit selskap med høg risiko, må vi gjer vidare analysar for å vurdere om vi skal gå i dialog med selskapet, endre stemmegivinga eller vurdere selskapa for risikobaserte nedsal.

I framveksande marknader kan fondet i tillegg dra nytte av kunnskapen til eksterne forvaltarar som har inngåande kjennskap til marknadene, bransjane og selskapa dei er investerte i. Det er særleg viktig ettersom det ofte kan vere vanskelegare å få relevante selskapsdata i framveksande marknader.

Noregs Bank identifiserer investeringsmoglegheiter mellom anna ved å analysere styringa, verksemda og miljømessige og samfunnsmessige risikoar og moglegheiter i selskapa. Banken investerer òg i infrastruktur for fornybar energi. I 2022 gjorde ikkje banken nokon nye investeringar her. Finansdepartementet bestemte i 2022 at fondets særskilde miljømandat skulle avsluttast. Bakgrunnen var eit meir ambisiøst opplegg for klimarisikohandtering og -rapportering for heile fondet, jf. endringar i forvaltingsmandatet 12. september 2022.

For å avgrense eksponeringa mot uønskt risiko kan Noregs Bank innanfor rammene av mandatet selje seg ut av selskap. Det gjeld særleg verksemd som påfører andre selskap og samfunnet samla sett store kostnader, og som derfor ikkje er berekraftig på sikt. Risikobasert nedsal kan vere formålstenleg dersom fondet meiner at selskapet har særleg høg langsiktig finansiell risiko, og dersom investeringane ikkje er særleg store og ein tenkjer at aktivt eigarskap ikkje er noko eigna verkemiddel. I motsetning til etisk baserte utestengingar krev ikkje risikobasert nedsal råd frå det uavhengige etikkrådet.

I 2022 selde Noregs Bank seg ut av 74 selskap som følgje av risikovurderingar knytte til miljø, sosiale forhold og selskapsstyring. Til saman er det blitt gjennomført nedsal i 440 selskap sidan 2012. Risikobaserte nedsal har sidan 2012 bidrege positivt til den kumulative avkastinga på aksjeforvaltninga med om lag 0,26 prosentpoeng, eller 0,01 prosentpoeng årleg.

74 nedsal i selskap som følgje av risikovurderingar knytte til miljø, sosiale forhold og selskapsstyring.



Selskapa

Som langsiktig investor er fondet i jamleg dialog med dei største selskapa. Dialogen skal bidra til god selskapsstyring og ansvarleg forretningsverksemd. Fondet hadde til saman 2 911 møte med 1 307 selskap og skriftleg kontakt med 405 selskap i porteføljen i 2022. Storleiken på investeringane gir tilgang til styremedlemmer, toppleiarar og spesialistar i selskapa. Fondet er interessert i å forstå korleis selskapa blir styrte, og korleis dei handterer vesentlege forhold ved berekraft. I tillegg til møte er det skriftleg kontakt med selskapa.

Fondet vurderer kvart år selskapa si rapportering om styringsstruktur, strategi, risikohandtering og målsetjingar med utgangspunkt i dei offentlege forventingane til selskapa. I 2022 endra Noregs Bank metodikken i desse vurderingane for å kunne dra nytte av kunstig intelligens og maskinlesing av berekraftrapporteringa til selskap. Det gjer at samanlikningsgrunnlaget med tidlegare år er avgrensa, men at målingane framover vil kunne dekkje fleire selskap og indikatorar.


Selskap med svak eller avgrensa rapportering blir kontakta og oppmoda om å forbetre rapporteringa ved mellom anna å delta i etablerte rapporteringsinitiativ. I 2022 blei det sendt brev til 102 selskap om rapporteringa deira.

Stemmegiving er eit av dei viktigaste verkemidla fondet har som eigar for å ta vare på verdiane til fondet. Ved utgangen av 2022 eigde fondet ein andel i 9 228 selskap over heile verda. Noregs Bank stemte i 117 392 forslag på 11 616 generalforsamlingar i 2022. Det blei stemt i tråd med styrets tilråding i 94 prosent av sakene og på 70 prosent av generalforsamlingane. Retningslinjer for stemmegiving er offentleg tilgjengelege.

I 2021 begynte fondet å offentleggjere stemma si fem dagar før generalforsamlinga. Stemmeintensjonane er tilgjengelege på nettsidene om fondet, www.nbim.no. Brukarar kan søkje på enkelte selskap eller laste ned heile datasettet med fondsstemmer sidan 2013, og dei kan få daglege oppdateringar om stemmeintensjonar fem dagar før generalforsamlinga.

Finansdepartementet har fastsett retningslinjer for observasjon og utestenging av selskap frå Statens pensjonsfond utland basert på produkta eller åtferda til selskapa. Etikkrådet og Noregs Bank har i oppgåve å

117 392
stemmer i 11 616
generalforsamlingar
i 2022.



følgje opp desse retningslinjene. Etikkrådet er eit uavhengig organ som er oppretta av Finansdepartementet. Avgjerder om observasjon og utestenging av selskap frå fondet blir tekne av hovudstyret i Noregs Bank, med utgangspunkt i tilrådingar frå Etikkrådet. Ved ikkje å investere i slike selskap reduserer fondet si eksponering for uakseptabel risiko. I 2022 offentleggjorde Noregs Bank utestenginga av 13 selskap og sette fire nye selskap til observasjon. I tillegg oppheva Noregs Bank utestenginga av to selskap, avslutta observasjonen av fire selskap og særskild eigarskapsutøving i eitt tilfelle. Sidan 2006 har referanseindeksen for aksjar gitt ei avkastning som er 2,4 prosentpoeng lågare enn ein indeks som ikkje er justert for etiske utestengingar. På årleg basis svarer dette til 0,06 prosentpoeng lågare avkastning.

Nærmare detaljar om ansvarleg forvaltning er å finne i ein eigen [rapport](#).

Ansvarleg forvaltning av valutareservane

Norges Bank Investment Management forvaltar aksjeporteføljen i valuta-reservane. Denne forvaltninga følgjer dei same prinsippa og strategiane for ansvarleg forvaltning som forvaltninga av aksjeinvesteringane i Statens pensjonsfond utland. Verdipapir som er utferda av selskap som er utestengde etter føresegner i retningslinjer for observasjon og utestenging frå Statens pensjonsfond utland, er utestengde frå investeringsuniverset til valutareservane.

Norges Bank Investment Management utøver aktivt eigarskap på vegner av valutareservane ved å ha tydelege forventningar til selskapa, stemme på alle generalforsamlingar der vi har aksjar, og føre dialog med utvalde selskap. Avgjerder om risikobaserte nedsal av enkeltselskap som Norges Bank Investment Management finn formålstenlege for aksjeporteføljen til Statens pensjonsfond utland, blir følgde opp i aksjeporteføljen til valutareservane òg.

Noregs Bank har gjennomført nedsal i totalt åtte selskap i aksjeporteføljen til valutareservane som følgje av risikovurderingar knytte til miljø, sosiale forhold og selskapsstyring. I tillegg er førti selskap utestengde frå referanseindeksen til valutareservane og ni selskap sette til observasjon basert på etiske retningslinjer. Observasjon av eitt selskap blei avslutta i 2022.



Finansdepartementet har fastsett retningslinjer for observasjon og utestenging av selskap frå Statens pensjonsfond utland, basert på produkta eller åtferda til selskapa.

Ansvarlege anskaffingar

I 2022 kjøpte Noregs Bank varer og tenester for om lag 4,8 milliardar kroner. Dei største innkjøpskategoriene er eksterne forvaltningstenester, utvikling og drift av IT-system og -tenester og varer relaterte til kontordrifta. Det legg eit ansvar på Noregs Bank som ansvarleg innkjøpar.

Noregs Bank er underlagd regelverket for offentlege anskaffingar og er pålagd å stille krav om lønns- og arbeidsvilkår etter forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Leverandørar og eventuelle underleverandørar skal på førespurnad kunne dokumentere at dei rettar seg etter lønns- og arbeidsvilkåra. I 2022 er det gjennomført 16 kontrollar av vilkår blant leverandørane våre. Desse kontrollane avdekte to brot der utbetalt lønn var lågare enn den lovpålagde minstelønna ut frå stilling og ansiennitet. På oppmoding frå Noregs Bank er forholda retta opp, og for lite utbetalt lønn er etterbetalt. Anskaffingsforskrifta inneheld eit krav om å avgrense talet på ledd i leverandørkjeda i bransjar som har særlege utfordringar med arbeidslivskriminalitet, til dømes innanfor bygg- og anleggsarbeid og reinhaldstenester. Noregs Bank aksepterer maksimalt to ledd med underleverandørar. Alle leverandørar som har tilgang til lokala eller systema til banken, har ansvar for at personell som utfører tenester eller arbeid for Noregs Bank, blir gjort kjent med dei etiske reglane.

Noregs Bank ønskjer òg ei ansvarleg og berekraftig leverandørkjede og stiller miljøkrav der det er relevant.

Forvaltninga av Statens pensjonsfond utland krev spesiell innsikt i marknader rundt om i verda. I framveksande marknader blir det for det meste nytta eksterne forvaltarar. Enkelte av desse marknadene har høgare ibuande berekraftrisiko. Det blir stilt krav til forvaltarane om at dei skal ta omsyn til god selskapsstyring, miljø og sosiale forhold i investeringsaktivitetane sine. I tillegg vurderer ein forvaltarane si tilnærming til samfunnsansvar som ein del av utveljingsprosessen. Dette blir følgt opp som ein del av den årlege vurderinga av forvaltarane som fondet gjer.



Det er viktig at Noregs Bank går aktivt inn for å respektere menneskerettar og miljø i leverandørkjeda.

Informasjon i samsvar med tilrådingane til arbeidsgruppa for klimarelatert finansiell rapportering (TCFD)

Arbeidsgruppa for klimarelatert finansiell rapportering (TCFD) har utarbeidd eit rammeverk for klimarisiko-rapportering. Noregs Bank støttar intensjonen i tilrådingane og meiner at rammeverket kan bidra til ei meir universell og konsistent rapportering på tvers av jurisdiksjonar. Tilrådingane spesifiserer kva som bør rapporterast innanfor fire område: verksemdsstyring, strategi, risikostyring og måltal. Tabellen gir ei oversikt over Noregs Banks status for 2022 etter tilrådingane i TCD-rammeverket. Meir utdjupande informasjon er å finne i kapitla [Arbeid med klima og klimarisiko i sentralbankverksemda](#), [Arbeid med klimarisiko i Statens pensjonsfond utland](#), [Klimapåverknad i drifta til Noregs Bank](#) og [Ansvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland](#). Sjå òg rapporten [Ansvarlig forvaltning Statens pensjonsfond utland](#) for ein meir utførleg omtale.

Verksemdsstyring	
TCFD-krav: Beskriving av organisasjonen si styring av klimarelaterte risikoar og moglegheiter, inkludert involveringa til styret og leiinga.	<p>Hovudstyret har det overordna ansvaret for strategiarbeidet som er relatert til klimaendringar og klimarisiko. Tema knytte til klima og norsk økonomi blir drøfta i komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.</p> <p>Strategi 25 blei vedteken av hovudstyret i november 2022. Strategi for berekraft blei oppdatert i desember 2022. Strategiane skal integrerast i verksemdsstyringa, gjennomførast i dei ulike avdelingane og konkretiserast i handlingsplanar.</p> <p>Hovudstyret i Noregs Bank har fastsett prinsipp for ansvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland og følgjer opp strategien og den årlege rapporteringa på området. I 2022 la banken fram ein klimahandlingsplan for arbeidet med klimarisiko i fondet fram til 2025. Hovudstyret har fastsett at aksjeporteføljen i valutareservane skal følgje dei same prinsippa og strategiane for ansvarleg forvaltning som forvaltninga av aksjeinvesteringane i fondet.</p> <p>Finansdepartementet har fastsett retningslinjer for observasjon og utestenging av selskap frå fondet, basert på produkta eller åtferda deira. Etikkrådet, som er eit uavhengig organ oppretta av Finansdepartementet, og Noregs Bank har i oppgåve å følgje opp desse retningslinjene. Hovudstyret i Noregs Bank avgjer kva selskap som skal observerast eller utestengjast frå fondet, med utgangspunkt i tilrådingar frå etikkrådet.</p> <p>Hovudstyret har oppnemnt eit saksførebuande og rådgivande eigarskapsutval for saker som gjeld ansvarleg forvaltingsverksemd og avgjerder om observasjon eller utestenging.</p>

Strategi

TCFD-krav: Beskrive faktisk og potensiell påverknad av klimarelaterte risikoar og moglegheiter på drifta og strategien til organisasjonen.

Klimaendringar og tiltak for å redusere klimaendringane påverkar norsk og internasjonal økonomi og dermed òg utføringa av kjerneoppgåvene til sentralbankverksemda: pengepolitikk, finansiell stabilitet og fondsforvaltninga.

Eit satsingsområde i sentralbankstrategien er å forstå effektane av klimaendringar og energiomstilling. For å kunne gjere gode vurderingar av dei økonomiske utsiktene og risikobiletet må vi forstå betre korleis klimaendringar og energiomstilling påverkar dei ulike delane av økonomien. Derfor styrkjer vi kompetansen vår på dette området og held fram med å integrere klimarelaterte forhold i analysearbeidet.

Noregs Bank sin strategi for berekraft inneber at banken skal vurdere og handtere den klima- og miljørelaterte risikoen i kapitalforvaltninga for å fremje langsiktig verdiskaping og vere leiande innanfor ansvarleg forvaltning. Klimaendringar utgjør éin av fleire risikofaktorar for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland og valutaeservane.

Fondet er ein breitt diversifisert og marknadsvekta portefølje og vil som utgangspunkt ha bortimot den same finansielle klimarisikoen som dei underliggjande marknadene og bransjane det blir investert i. Investeringane til Noregs Bank skal vere rusta til å møte miljøendringar. Banken legg spesielt vekt på å utvikle strategiar for å analysere og handtere klimarisiko og på å vere ein pådrivar for gode rapporteringsstandardar for klimarisiko.

Risikostyring

TCFD-krav: Beskrive korleis organisasjonen identifiserer, vurderer og handterer klimarelaterte risikoar, og korleis dette er integrert i den heilskaplege risikostyringa til organisasjonen.

For å auke kunnskapen om korleis klimarelaterte endringar påverkar norsk økonomi, har Noregs Bank dei siste tre åra spurt bedriftene i det regionale nettverket sitt om korleis dei blir påverka av klimarelaterte forhold. Analysar av korleis norsk økonomi blir påverka av klimarelaterte endringar, er jamleg omtalte i den kvartalsvise rapporten [Pengepolitisk rapport](#). I rapporten [Finansiell stabilitet 2022](#) vurderer Noregs Bank klimarisikoen i det finansielle systemet, og klimarisikoen i norske bankar er vurdert som moderat. Noregs Bank har òg vurdert omfanget av energimerking av næringseigedom og effektar på verdsetjing av bygga ved auka straumprisar.

Det blir nytta ei rekkje verktøy for å identifisere og vurdere klimarisikoen som fondet er eksponert for. Aksjeporteføljen i fondet er stresstesta mot måla i Parisavtalen. Ein utfyllande omtale er å finne i rapporten [Ansvarlig forvaltning Statens pensjonsfond utland](#).

Noregs Bank går gjennom den samla eksponeringa i fondet på porteføljnivå og vurderer om banken bør selje seg ut av selskap med særleg høg risiko, innanfor rammene av mandatet. Banken prøver òg å utnytte investeringsmoglegheiter som følgje av klimaovergangen.

Fondets klimahandlingsplan for 2025 legg opp til meir rapportering om klimarisikoen i porteføljen. Rapporteringa skal utviklast i tråd med leiande internasjonale standardar og takast inn i fondsrapporteringa om ansvarleg forvaltning, og i eit eige vedlegg med TCFD-informasjon.

Mål og metodar

TCFD-krav:

Beskriv kva slags berekningar og måltal ein legg til grunn ved vurdering av klimarelaterte risikoar og moglegheiter.

Karbonavtrykket til aksjeporteføljen i fondet har vore målt og offentleggjort sidan 2014. Tilsvarande blir også karbonavtrykket til aksjeporteføljen til valutareservane målt.

Klimahandlingsplan 2025 beskriv tiltak for å handtere klimarisiko som skal gjennomførast i perioden 2022–2025. Kjernen i arbeidet er å drive selskap som fondet er investert i, mot netto nullutslepp innan 2050, og sørge for at dei har truverdige mål og planar for å redusere dei direkte og indirekte klimagassutsleppa sine (ramme 1, 2 og 3).

Hovudkontoret på Bankplassen 2 er Miljøfyrtårn-sertifisert. I 2022 inkluderte banken nye bransjespesifikke kriterium for bank og finans. Noregs Bank måler klimagassutslepp frå eiga drift i samsvar med standarden The Greenhouse Gas Protocol.



4. Strategi

- 96 Strategi 25
- 101 Strategi 2020–2022



Strategi 25

Om Noregs Bank ●

Årsmeldingar ●

Berekraft ●

Strategi ●

Årsrekneskap og balanse ●

Samfunnsoppdraga våre er førande for alt vi gjer, og Strategi 25 skal gjere oss best mogleg i stand til å løyse dei. Hovudstyret vedtok ein strategi for Noregs Bank og verksemdsområda 23. november 2022. Nedanfor gir vi ei oppsummering av ambisjonane og planane for dei neste åra.


Strategien til Noregs Bank

Koronapandemien og Russlands angrep på Ukraina har vist korleis uventa hendingar raskt kan endre dei økonomiske utsiktene og risikobiletet. Geopolitisk uvisse bidreg til eit samansett og utfordrande trusselbiletet. Klimaendringane og behovet for å redusere globale utslepp vil framleis prege verdsøkonomien.

Dagens situasjon byr på krevjande problemstillingar for både sentralbanken og kapitalforvaltninga. For å lykkast med samfunnsoppdraga må vi forstå den økonomiske utviklinga og risikobiletet og vere rusta til å handle raskt. Vi skal vere ein veldriven og open institusjon og ein attraktiv og framtidsretta arbeidsplass, og vi skal styrkje arbeidet med klima og miljø.



For å lykkast med samfunnsoppdraga våre må vi forstå den økonomiske utviklinga og risikobiletet og vere rusta til å handle raskt.



Strategien til sentralbanken

I strategien framhevar vi fire område som er avgjerande for at vi skal lykkast. Dei er ikkje unike for denne strategiperioden, men så viktige at vi skal ha høge ambisjonar med mål om stadig å bli betre innanfor kvart av dei:

Dyktige og engasjerte medarbeidarar: For å tiltrekkje oss, utvikle og behalde dyktige medarbeidarar skal vi gi kvar enkelt høve til å utvikle seg og oppdatere kompetansen sin. Det skal vi gjere gjennom faglege utfordringar og målretta utviklingsplanar. Samtidig skal vi leggje til rette for ein inkluderande kultur der vi oppmuntrar ulike meiningar og syn, gjer kvarandre gode og har det kjekt på jobb.

Stabil, sikker og effektiv drift: Vi skal ha verksemds- og risikostyring i tråd med beste praksis og arbeide for å forenkla og effektivisere prosessane våre. Ein usikker geopolitisk situasjon krev at vi vidareutviklar arbeidet vårt med sikkerheit, beredskap og krisehandtering med særleg vekt på cybersikkerheit.

Relevante analysar av høg kvalitet: Vi skal vere det leiande makro-økonomiske analysemiljøet i landet og basere vurderingar, råd og avgjerder på relevante og forskingsbaserte analysar av høg kvalitet. I strategiperioden skal vi mellom anna søkje å forbetre og auke fleksibiliteten i måten vi jobbar på, slik at vi er endå betre rusta for å oppdatere analysar og verkemiddelbruk når omverda endrar seg.

Ein open, tydeleg og tilgjengeleg sentralbank: Vi skal tilpasse måten vi kommuniserer på, til dei vi ønskjer å nå, oppsøkje dialog, lytte til innspel og delta i samfunnsdebatten på område som er viktige for oss. For å nå ut skal vi leggje til rette for at fleire kan representere Noregs Bank eksternt og bidra til kunnskapsformidling på spesialfelta sine.




Vi skal tilpasse måten vi kommuniserer på, til dei vi ønskjer å nå, oppsøkje dialog, lytte til innspel og delta i samfunnsdebatten på område som er viktige for oss.

I tillegg har vi tre satsingsområde. Desse områda krev ein særleg innsats dei neste åra:

Utgreie og forme framtidens betalingssystem: Vi står overfor viktige vegval i utforminga av framtidens betalingssystem. I strategiperioden skal Noregs Bank bestemme korleis neste generasjons oppgjerssystem i norske kroner skal sjå ut, og vi skal gjere oss klare til eventuelt å kunne innføre digitale sentralbankpengar.

Forstå effektane av klimaendringar og energiomstilling: For å kunne gjere gode vurderingar av dei økonomiske utsiktene og risikobiletet må vi forstå betre korleis klimaendringar og energiomstilling påverkar dei ulike delane av økonomien. Derfor skal vi styrkje kompetansen vår på dette området og betre integrere forhold som er relaterte til klimaendringar og energiomstilling i analysearbeidet.

Sørgje for betre datautnytting ved hjelp av ny teknologi: Tilfanget av data aukar, samtidig som den teknologiske utviklinga opnar for nye typar analysar. Vi skal leggje til rette for betre datautnytting ved å etablere ei ny dataplattform og sørgje for god tilgang til meir data. Vi skal òg arbeide for meir effektiv styring og kontroll av data vi nyttar.



Strategi for Norges Bank Investment Management

Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland på vegner av det norske folket. Ei langsiktig og ansvarleg forvaltning legg til rette for at både dagens og morgondagens generasjonar kan nyte godt av verdiane i fondet. Vi utnyttar storleiken på fondet, den langsiktige investeringshorisonten og det avgrensa likviditetsbehovet når vi investerer. I denne strategiperioden vil vi styrkje det langsiktige tankesettet vårt, vere tolmodige og variere den aktive risikotakinga ettersom marknadsforholda endrar seg. Vi kan handtere store svingingar i fondsverdien og investere i aktiva der det kan ta lang tid før dei underliggjande verdiane blir realiserte.

Vi nyttar ulike investeringsstrategiar i fondsforvaltninga. Dei tre hovudstrategiane er marknadseksposering, verdipapirseleksjon og allokering. Investeringsstrategiane utfyller kvarandre og søker å utnytte at vi



er eit stort fond med lang horisont. Vi forvaltar fondet tett opp mot referanseindeksen, men vi meiner likevel at det finst investeringsmoglegheiter som kan diversifisere fondet utover referanseindeksen, spesielt i unoterte marknader. Vi vil investere tre til syv prosent av fondet i eigedom. Vi vil dessutan halde fram arbeidet med å byggje opp ein portefølje av infrastrukturinvesteringar for fornybar energi og sjå på nye investeringsmoglegheiter knytte til energiomstillinga.

Vi legg stor vekt på å vere ein ansvarleg investor. Ansvarleg forvaltning og aktivt eigarskap bidreg til langsiktig verdiskaping og til at vi når målet vårt om høgast mogleg avkastning. Handtering av klimarisiko og klimarelaterte moglegheiter er ei viktig prioritering for oss. Vi jobbar med ansvarleg forvaltning og aktivt eigarskap på tre nivå. På marknadsnivå jobbar vi for å forbetre internasjonale standardar for alle selskap. På porteføljnivå jobbar vi for å styrkje overvakinga av informasjon om miljø, sosiale forhold og selskapsstyring (ESG), og vi bruker innsikta i fondsforvaltninga. På selskapsnivå jobbar vi for å fremje god selskapsstyring.

Vi må vere ein operasjonelt robust organisasjon for å nå målet om høgast mogleg avkastning på ein sikker og kostnadseffektiv måte. Vi vil styrkje beredskapsarbeidet vårt for betre å kunne handtere kriser og hendingar. Teknologi sikrar at vi kan gjennomføre forvaltingsoppdraget på ein sikker og solid måte. Vi skal vere innovative og utvikle eigne løysingar der vi har unike behov. Skal vi klare det, må vi tiltrekkje oss, utvikle og behalde dei beste folka. Dei tilsette er den viktigaste ressursen vår. Vi vil utvide organisasjonen på prioriterte område for å sikre at vi er robuste nok og har den kapasiteten og kvaliteten som trengst. Vi skal likevel framleis vere ein liten og fleksibel organisasjon med kostnadseffektiv drift.

Vi skal vere ein mangfaldig og inkluderande organisasjon der vi alle jobbar for å ta vare på og utvikle fondet. For å lykkast i ein utfordrande arbeidskvardag med høgt tempo meiner vi at det er viktig å ha det kjekt på jobb. Korleis vi arbeider saman, avgjer om vi lykkast med samfunnsoppdraget vårt. Vi forvaltar fondet på vegner av det norske folket. Det krev at vi er opne. Ved å vere opne bidreg vi til å skape tillit til og kunnskap om fondet, både i Noreg og internasjonalt.



Strategi 2020–2022

Om Noregs Bank ●

Årsmeldingar ●

Berekraft ●

Strategi ●

Årsrekneskap og balanse ●

Hovudstyret i Noregs Bank vedtok hausten 2019 ein strategiplan for perioden 2020–2022. I 2020 tilsette hovudstyret ein ny dagleg leiar for Norges Bank Investment Management. Den delen av strategiplanen som gjaldt forvaltninga av Statens pensjonsfond utland, blei derfor [revidert](#) våren 2021.

Dei siste tre åra har vore prega av store endringar som har påverka verksemda til Noregs Bank. Den nye sentralbanklova, som tok til å gjelde 1. januar 2020, gav ein ny styringsstruktur for banken med opprettinga av ein eigen komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Samtidig blei det gjort endringar i den administrative organiseringa av banken. Strategiperioden har òg vore prega av eksterne forhold som pandemi og Russlands angrep på Ukraina.

Nedanfor kjem ei oversikt over kva Noregs Bank har gjort for å oppnå målsetjingane i strategiperioden 2020–2022.

Løfte saman

Med fondet i banken er vi ein global organisasjon med ein tredjedel av dei tilsette utanfor Noreg og tilsette frå nesten 40 nasjonar. Målet vårt har vore å ha ei arbeidsform som er kjenneteikna av lagånd og endringsvilje, og vi har hatt som ambisjon å vere opne og kommunisere etterretteleg og tydeleg. I perioden har me:

- Kommunisert oftare og meir proaktivt enn før og har nådd eit breiare publikum. Vi har mellom anna brukt bloggen Bankplassen aktivt og lansert podkasten In Good Company, som skal gi større innsikt i selskapa fondet er investert i. Vi er òg blitt meir aktive på sosiale medium.
- Arbeidd med å auke kjennskapen til banken i møte med studentar og elevar gjennom Kunnskapssenteret, bedriftspresentasjonar og forelesingar på skular og universitet og i relevante nettverk.
- Styrkt den interne kommunikasjonen på digitale plattformer og utvikla nye digitale arenaer for fagleg og sosial samhandling.

- Vore ein av initiativtakarane bak Kvinner i Finans Charter, som har som mål å auke kvinneandelen i leiande stillingar i finansbransjen.
- Gjennomført årlege aktivitetar og initiativ som legg vekt på mangfald og inkludering.
- Relansert trainee-program i Norges Bank Investment Management, mellom anna for å få eit endå meir mangfaldig arbeidsmiljø.

Ein veldriven bank

Vi har hatt som mål å utnytte synergjar og stordriftsfordelar i verksemda. Samtidig har det vore vesentleg at dei ulike delane av banken skal behalde den faglege eigenarten sin og ansvaret for resultatane sine. Vi har hatt som ambisjon å vidareutvikle ein veldriven og sikker bank. I perioden har me:

- Forna og oppdatert styringsstrukturen til banken i lys av den nye sentralbanklova.
- Modernisert IT-driftsplattformene til sentralbankverksemda. Det har gjort dei samfunnskritiske systema sikrere og dei andre systema meir fleksible.
- Gjennomført ei stor satsing på IT-sikkerheit i begge verksemdsområda.
- Insourca enkelte IT-funksjonar for å auke kvaliteten og gjere dei meir robuste.
- Styrkt arbeidet med berekraft og vidareutvikla den eksterne rapporteringa på området.
- Slått saman HR, kommunikasjon og innkjøp i dei to verksemdsområda. Det har bidrege til meir standardiserte prosessar og gjort dei operasjonelle forholda meir robuste.
- Digitalisert store delar av dei historiske arkiva våre.

Langsiktig og ansvarleg kapitalforvaltning

Målet vårt er høgast mogleg avkastning etter kostnader over tid, innanfor dei rammene som mandatet frå Finansdepartementet set. Banken søkjer å nå dette målet på ein mest mogleg sikker, kostnadseffektiv, ansvarleg og open måte. Marknadsverdien til fondet voks frå 10 088 milliardar kroner ved utgangen av 2019 til 12 429 milliardar kroner ved utgangen av 2022. I perioden har me:

- Halde fram å samarbeide med selskapa i investeringsporteføljen om økonomiske resultat, selskapsstyring og berekraft. Vi jobbar med å stemme på alle generalforsamlingar, fremje langsiktig verdiskaping i selskap og sikre fondsverdiane.
- Lansert ein klimahandlingsplan for 2025. Planen skisserer korleis vi vil handtere klimarelatert risiko og klimarelaterte moglegheiter, og beskriv kva for tiltak vi tek sikte på å setje i verk i perioden 2022–2025.
- VUtvikla ein investeringsimulator for å analysere investeringsavgjerdene våre. Simulatoren skal gi porteføljeforvaltarar analysar og tilbakemeldingar slik at dei kan ta betre investeringsavgjerdar.
- Nedskalert allokeringa til systematiske risikofaktorar og enkelte segment utanfor referanseindeksen.
- Investert 5 prosent av fondet i eigedom. 62 prosent av egedomsinvesteringane våre er i unoterte aktiva, og 38 prosent er i noterte aktiva. Vi har gjort den første investeringa vår i unotert infrastruktur for fornybar energi. Investeringa er i ein havvindpark og utgjør 0,1 prosent av fondsverdien.
- Kommunisert oftare og meir aktivt. Vi har nådd eit breiare publikum enn tidlegare, mellom anna ved å vere meir synlege og engasjerte i sosiale medium.
- Fått fleire tilsette. Talet har stige frå 540 ved utgangen av 2019 til 572 per desember 2022. Vi vil framleis vere ein liten, fleksibel og kostnadseffektiv organisasjon, men vi har i strategiperioden vakse på prioriterte område som investeringar og teknologi.

På fronten i sentralbankoppgåvene

Sentralbankverksemda skal leggje til rette for ein velfungerande og stabil økonomi.

Vi har hatt som mål å utøve oppgåvene våre i tråd med beste internasjonale praksis. I perioden har me:

- Vidareutvikla måten vi snakkar om pengepolitikk på, ved å kommunisere meir direkte mot eit breiare lag av befolkninga og vere tilgjengeleg på fleire arenaer enn tidlegare.
- Gjennomført analysar av langsiktige utviklingstrekk i økonomien med særleg vekt på utviklinga i produktivitet, lønnsandelar og nøytrale realrenter.
- Teke i bruk nye informasjonskjelder for å forstå utviklinga betre i lys av brå skift i økonomien.
- Etablert ei robust og effektiv løysing for å handtere mikrodata til bruk i forskning og politikkanalyse.
- Teke i bruk ein reformert versjon av overnattarenta Nowa som alternativ referanserente for norske kroner.
- Etablert eit nytt og meir automatisert auksjonssystem for likviditetsstyringa.
- Arbeidd vidare med å styrkje vernet av oppgjerssystemet til Noregs Bank mot uønskte hendingar, særleg retta mot risikoen for cyberangrep.
- Vidareført arbeidet med å leggje til rette for realtidsbetalingar.
- Innført og implementert TIBER-NO, eit rammeverk som er utvikla av Noregs Bank og Finanstilsynet for å teste cybersikkerheit i finanssektoren.
- Utvikla og revidert rammeverket for sentrale makrotilsynsverkemiddel.
- Dekt samfunnet sitt behov for kontantar på ein måte som sikrar beredskap og fremjar effektivitet. Vi har bidrege til ei formålstenleg regulering som sikrar at kontantar er tilgjengelege og brukarvennlege og kan fylle funksjonane sine i betalingssystemet.
- Vidareført utgreiinga av digitale sentralbankpengar, inkludert eksperimentell testing av ulike teknologiske løysingar.
- Medverka aktivt i Network for Greening the Financial System, som bidreg til å dele erfaringar og beste praksis, utføre analysar og utforme metodar for å handtere miljø- og klimarisiko.



5. Årsrekneskap og balanse

- 106 Hovedpunkter
- 109 Regnskap
- 114 Noter
- 221 Beretning, vedtak og uttalelse



Hovedpunkter

Netto inntekt/-kostnad fra finansielle instrumenter før gevinst/-tap valuta

-55 mrd. 2022
25 mrd. 2021

Gevinst/-tap valuta

46 mrd. 2022
-0,3 mrd. 2021

Resultat Statens pensjonsfond utland (SPU)

-1 001 mrd. 2022
1 551 mrd. 2021

Resultat SPU trukket/-tilført kronekonto

1 001 mrd. 2022
-1 551 mrd. 2021

Andre inntekter

5,4 mrd. 2022
4,8 mrd. 2021

- herav forvaltningsgodtgjøring SPU

5,2 mrd. 2022
4,6 mrd. 2021

Driftskostnader

-6,4 mrd. 2022
-5,9 mrd. 2021

- herav forvaltningskostnader SPU

-5,2 mrd. 2022
-4,6 mrd. 2021

Totalresultat

-11 mrd. 2022
23 mrd. 2021

Overføring til statskassen

8 mrd. 2022
11 mrd. 2021

Kostnader for Norges Banks hovedoppgaver

Norges Bank fordeler kostnader på hovedoppgaver. Formålet er å synliggjøre kostnadene ved de ulike oppgavene og bidra til kostnadseffektivitet.

Kostnadene er fordelt på disse hovedoppgavene:

1. Forvaltningen av Statens pensjonsfond utland
2. Pengepolitikk
3. Finansiell stabilitet
4. Forvaltningen av valutareservene
5. Sedler og mynt
6. Oppgjørstjenester for bankene
7. Statsgjeldsforvaltningen
8. Statens konsernkonto


Kostnadene for hovedoppgavene inkluderer direkte og indirekte kostnader. Fordelingen av felleskostnader gjennomføres basert på en vurdering av kostnadsdrivere. Størrelsen på fordelingsnøklerne representerer beste estimat på faktisk ressursbruk.

Bankens samlede driftskostnader var for 2022 6 399 millioner kroner. Forvaltningen av Statens pensjonsfond utland er den klart mest ressurskrevende oppgaven. Kostnadene var 5 226 millioner kroner, tilsvarende 82 prosent av bankens samlede kostnader. Kostnadene for de øvrige hovedoppgavene til Norges Bank utgjorde 1 173 millioner kroner.

Kostnader fordelt på hovedoppgaver



Kostnader fordelt på hovedoppgaver i sentralbankvirksomheten



Innhold

Regnskapsrapportering

109	1. Regnskap
109	Resultatregnskap
110	Balanse
112	Kontantstrømoppstilling
113	Oppstilling over endringer i egenkapital
114	2. Noter til regnskapsrapporteringen
115	Norges Bank
115	Note 1 Generell informasjon
116	Note 2 Regnskapsprinsipper
119	Note 3 Inntekt/kostnad fra aksjer og obligasjoner
120	Note 4 Beholdning av aksjer og obligasjoner
121	Note 5 Valutareserver
125	Note 6 Måling
130	Note 7 Investeringsrisiko
137	Note 8 Valuta
140	Note 9 Utlån og innlån med sikkerhetsstillelse
142	Note 10 Sikkerhetsstillelse og motregning
144	Note 11 Pensjon
148	Note 12 Personalkostnader
154	Note 13 Forvaltningsgodtgjøring SPU
155	Note 14 Ikke-finansielle eiendeler
157	Note 15 Øvrige driftskostnader og øvrige driftsinntekter
159	Note 16 Sedler og mynt
160	Note 17 Det internasjonale valutafondet (IMF)
164	Note 18 Utlån og innskudd
166	Note 19 Nærstående parter
168	Note 20 Statens pensjonsfond utland (SPU)
168	Statens Pensjonsfond utland
168	Resultatregnskap
169	Balanse
170	Kontantstrømoppstilling
171	Oppstilling av endringer i eiers kapital
172	SPU Note 1 Generell informasjon
172	SPU Note 2 Regnskapsprinsipper
173	SPU Note 3 Avkastning
174	SPU Note 4 Inntekt/kostnad fra aksjer, obligasjoner og finansielle derivater
175	SPU Note 5 Beholdninger av aksjer, obligasjoner og finansielle derivater
178	SPU Note 6 Unotert eiendom
182	SPU Note 7 Unotert infrastruktur for fornybar energi
185	SPU Note 8 Måling til virkelig verdi
193	SPU Note 9 Investeringsrisiko
206	SPU Note 10 Skatt
208	SPU Note 11 Gevinst/tap valuta
210	SPU Note 12 Forvaltningskostnader
212	SPU Note 13 Utlån og innlån med sikkerhetsstillelse
214	SPU Note 14 Sikkerhetsstillelse og motregning
216	SPU Note 15 Nærstående parter
217	SPU Note 16 Interesser i andre foretak
220	SPU Note 17 Andre eiendeler og annen gjeld
221	3. Revisors beretning og andre uttalelser
222	Uavhengig revisors beretning
226	Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om foretakets bærekraftsrapportering
230	Representantskapets vedtak om godkjenning av årsregnskapet for 2022
230	Representantskapets uttalelse om hovedstyrets protokoller og tilsynet med banken



Resultatregnskap


Beløp i millioner kroner	Note	2022	2021
Netto inntekt/-kostnad fra finansielle instrumenter			
Netto inntekt/-kostnad fra:			
- Aksjer	3	-15 916	30 980
- Obligasjoner	3	-38 331	-6 536
- Finansielle derivater		-418	-131
- Utlån med sikkerhetsstillelse	9	135	-27
- Innlån med sikkerhetsstillelse	9	-	-
Renteinntekter og -kostnader fra innskudd i banker		1529	8
Renteinntekter fra utlån til banker	18	595	86
Rentekostnader på innskudd fra banker og statskassen	18	-2 979	-19
Netto renteinntekt fra IMF	17	251	177
Skattekostnad	3	-2	-25
Andre finansielle inntekter/-kostnader		62	-4
Netto inntekt/-kostnad fra finansielle instrumenter før gevinst/-tap valuta		-55 074	24 509
Gevinst/-tap valuta	8	45 513	-303
Netto inntekt/-kostnad fra finansielle instrumenter		-9 561	24 206
Forvaltning Statens pensjonsfond utland			
Totalresultat plasseringer for SPU	20	-1 000 551	1 550 628
Trukket/-tilført kronekonto SPU	20	1 000 551	-1 550 628
Øvrige driftsinntekter			
Forvaltningsgodtgjøring Statens pensjonsfond utland	13	5 226	4 640
Andre driftsinntekter	15	149	118
Sum øvrige driftsinntekter		5 374	4 758
Driftskostnader			
Personalkostnader	12	-2 350	-1 799
Øvrige driftskostnader	15	-3 895	-3 859
Av- og nedskrivning	14	-154	-200
Sum driftskostnader		-6 399	-5 857
Årsresultat		-10 586	23 107
Totalresultat			
Årsresultat		-10 586	23 107
Endring i aktuarmessige gevinster og tap	11	-504	-114
Totalresultat		-11 090	22 993


Balanse


Beløp i millioner kroner	Note	31.12.2022	31.12.2021
Eiendeler			
Finansielle eiendeler			
Innskudd i banker		32 334	49 628
Utlån med sikkerhetsstillelse	9,10	18 685	27 007
Avgitt kontantsikkerhet	9,10	6	-
Uoppgjorte handler		917	325
Aksjer	4,7	106 843	117 715
Utlånte aksjer	4,8,9,10	3 987	4 454
Obligasjoner	4,8	462 853	467 667
Finansielle derivater		15	26
Fordring på IMF	17	126 560	117 325
Utlån til banker	18	15 895	45 101
Andre finansielle eiendeler	13	529	377
Sum finansielle eiendeler		768 624	829 625
Nettoverdi Statens pensjonsfond utland	20	12 429 334	12 340 085
Ikke-finansielle eiendeler			
Pensjoner	11	-	293
Ikke-finansielle eiendeler	14	2 047	2 010
Sum ikke-finansielle eiendeler		2 047	2 303
Sum eiendeler		13 200 005	13 172 013
Gjeld og egenkapital			


Beløp i millioner kroner	Note	31.12.2022	31.12.2021
Finansiell gjeld			
Innlån med sikkerhetsstillelse	8,9,10	37	28
Uoppgjorte handler	8,9,10	13 469	22 197
Finansielle derivater	8	31	5
Annen finansiell gjeld		3 919	4 003
Gjeld til IMF	17	103 378	98 044
Innskudd fra banker	18	26 821	23 372
Innskudd fra statskassen	18	304 606	344 142
Sedler og mynt i omløp	16	40 075	39 745
Sum finansiell gjeld		492 336	531 536
Innskudd kronekonto Statens pensjonsfond utland	20	12 429 334	12 340 085
Annen gjeld			
Pensjoner	11	170	-
Annen gjeld	19	8 645	11 688
Sum annen gjeld		8 815	11 688
Sum gjeld		12 930 485	12 883 309
Egenkapital		269 520	288 704
Sum gjeld og egenkapital		13 200 005	13 172 013


Oslo, 8. februar 2023


 Ida Wolden Bache
 (daglig leder / hovedstyrets leder)


 Pål Longva
 (første nestleder)


 Øystein Børsum
 (andre nestleder)



 Karen Helene Ulltveit-Moe



 Kristine Ryssdal



 Arne Hyttnes


 Hans Aasnæs


 Nina Udnes Tronstad


 Egil Herman Sjørusen


 Mona Helen Sørensen
 (representant for de ansatte)


 Truls Oppedal
 (representant for de ansatte)

Kontantstrømoppstilling

Beløp i millioner kroner, innbetaling (+) / utbetaling (-)	2022	2021
Operasjonelle aktiviteter		
Innbetaling av utbytte fra aksjer	2 244	2 341
Innbetaling av renter fra obligasjoner	4 598	4 809
Netto innbetaling av renter og honorar fra innlån og utlån med sikkerhetsstillelse	189	25
<i>Innbetalinger av utbytte, renter og honorar fra beholdninger i aksjer og obligasjoner</i>	7 031	7 175
Netto kontantstrøm ved kjøp og salg av aksjer	-2 366	26 022
Netto kontantstrøm ved kjøp og salg av obligasjoner	-3 053	-32 285
Netto kontantstrøm finansielle derivater	1 317	719
Netto kontantstrøm innskudd i banker	850	180
Netto kontantstrøm innlån og utlån med sikkerhetsstillelse	1 582	-487
Netto kontantstrøm knyttet til andre kostnader, andre eiendeler og annen gjeld	-10 692	-9 096
Netto kontantstrøm knyttet til finansielle eiendeler og finansiell gjeld	32 677	5 991
Netto kontantstrøm til/-fra statskassen	1 050 176	-89 143
Tilførsel fra den norske stat til SPU	-1 089 712	-78 846
Uttak fra SPU til den norske stat	-	199 000
Innbetaling av forvaltningsgodtgjøring for SPU	4 964	10 481
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	-7 226	39 711
Investeringsaktiviteter		
Netto utbetalinger til ikke-finansielle eiendeler og gjeld	-128	-81
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-128	-81
Finansieringsaktiviteter		
Utbetaling til statskassen fra overføringsfondet	-11 108	-15 169
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	-11 108	-15 169
Netto endring innskudd i banker		
Innskudd i banker pr. 1. januar	49 628	24 920
Netto økning/-reduksjon av kontanter i perioden	-18 462	24 461
Netto gevinst/-tap valuta på kontanter	1 168	247
Innskudd i banker pr. periodens slutt	32 334	49 628

Regnskapsprinsipp

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metoden. Vesentlige klasser av brutto inn- og utbetalinger er presentert separat, med unntak for spesifikke transaksjoner, i hovedsak kjøp og salg av finansielle instrumenter, som er presentert netto.

Tilførsler og uttak mellom SPU og den norske stat, anses som finansieringsaktiviteter i kontantstrømoppstillingen i regnskapsrapporteringen til SPU. I Norges Bank er tilførsler klassifisert som operasjonell aktivitet siden Norges Bank er forvalter av SPU.

Oppstilling over endringer i egenkapital

Beløp i millioner kroner	Kursreguleringsfond	Overføringsfond	Sum egenkapital
1. januar 2021	246 481	30 338	276 819
Totalresultat	20 007	2 986	22 993
31. desember 2021 før overføring til statskassen	266 488	33 324	299 812
Overføring til statskassen	-	-11 108	-11 108
31. desember 2021	266 488	22 216	288 704
1. januar 2022	266 488	22 216	288 704
Totalresultat	-13 155	2 065	-11 090
31. desember 2022 før overføring til statskassen	253 333	24 281	277 614
Overføring til statskassen	-	-8 094	-8 094
31. desember 2022	253 333	16 187	269 520

Regnskapsprinsipp

Egenkapitalen til Norges Bank består av et kursreguleringsfond og et overføringsfond. Kursreguleringsfondet utgjør bankens bundne egenkapital og overføringsfondet utgjør grunnlaget for overføring til statskassen. Egenkapitalen i Norges Bank er regulert av Retningslinjer for avsetning og disponering av Norges Banks overskudd, fastsatt 13. desember 2019 med hjemmel i sentralbankloven § 3-11 annet ledd.

Noter

Regnskaps- rapporteringen



Note 1 Generell informasjon

1. Innledning

Norges Bank er landets sentralbank. Banken er et eget rettssubjekt og eies av staten. Hovedkontoret er på Bankplassen 2, Oslo.

Norges Bank skal fremme økonomisk stabilitet og forvalte store verdier på vegne av fellesskapet. Banken utøver pengepolitikken, overvåker stabiliteten i det finansielle systemet, bidrar til robuste og effektive betalingssystemer og finansmarkeder samt forvalter bankens valutareserver.

Norges Bank forvalter Statens pensjonsfond utland (SPU) på vegne av Finansdepartementet i henhold til lov om Statens pensjonsfond § 3 annet ledd og mandat for forvaltning av Statens pensjonsfond utland (*forvaltningsmandatet*), fastsatt av Finansdepartementet.

SPU skal støtte statlig sparing for finansiering av fremtidige utgifter og underbygge langsiktige hensyn ved bruk av Norges petroleumsinntekter. Stortinget har fastsatt rammene i lov om Statens pensjonsfond, og Finansdepartementet har det formelle ansvaret for fondets forvaltning. Hovedstyret i Norges Bank har delegert gjennomføringen av forvaltningsoppgavet til Norges Bank Investment Management (NBIM).

Finansdepartementet har plassert fondsmidlene til forvaltning i SPU som et kroneinnskudd på en særskilt konto i Norges Bank (kronekontoen). Banken skal i eget navn videreplassere kronekontoen i en investeringsportefølje bestående av aksjer, obligasjoner, fast eiendom og infrastruktur for fornybar energi. SPU er i sin helhet investert utenfor Norge.

I henhold til forvaltningsmandatet foretas overføringer til og fra kronekontoen. Når statens petroleumsinntekter overstiger statens oljepengebruk over statsbudsjettet, vil det gjøres innskudd på kronekontoen. I motsatte tilfeller vil det gjøres uttak. Overføringer til og fra kronekontoen medfører en tilsvarende endring i Eiers kapital i SPU.

For utfyllende informasjon om forvaltningsmandatet for SPU, Norges Banks styringsstruktur og risikostyring, se [note 20.9](#) *Investeringsrisiko*. For ytterligere informasjon om transaksjoner og mellomværende mellom Norges Bank og SPU, se [note 19](#) *Nærstående parter*.

Norges Bank bærer ingen økonomisk risiko knyttet til verdiutviklingen i SPU. Den oppnådde avkastningen ved forvaltningen, etter fradrag for godtgjørelse til Norges Bank, blir i sin helhet tilført kronekontoen og påvirker derfor ikke totalresultatet eller egenkapitalen til Norges Bank. Den forvaltede investeringsporteføljen tilsvarer det til enhver tid innestående beløp på kronekontoen, fratrukket påløpt forvaltningsgodtgjøring. Dette presenteres på egen linje som en eiendel i Norges Banks balanse, og kronekontoen presenteres tilsvarende som en forpliktelse til Finansdepartementet.

2. Godkjenning av årsregnskapet

Årsregnskapet til Norges Bank for 2022 ble godkjent av hovedstyret 8. februar 2023 og godkjent av representantskapet 23. februar 2023. Den årlige regnskapsrapporteringen for SPU er et utdrag av Norges Banks regnskapsrapportering, og inngår i Norges Banks årsregnskap som note 20.

Note 2 Regnskapsprinsipper

Denne noten beskriver regnskapsprinsipper, vesentlige estimater og skjønnsmessige vurderinger som gjelder hele regnskapet. Øvrige regnskapsprinsipper, vesentlige estimater og skjønnsmessige vurderinger er beskrevet i de respektive oppstillingene og notene.

Vesentlige estimater og skjønnsmessige vurderinger

Utarbeidelsen av regnskapet innebærer bruk av usikre estimater og forutsetninger knyttet til fremtidige hendelser som påvirker regnskapsførte beløp for eiendeler, forpliktelser, inntekter og kostnader. Estimater fastsettes basert på tidligere erfaringer og reflekterer ledelsens forventninger om fremtidige hendelser. Faktiske utfall kan avvike fra estimatene. Utarbeidelsen av regnskapet innebærer også skjønnsmessige vurderinger i forbindelse med anvendelsen av regnskapsprinsipper, som kan ha betydelig innvirkning på regnskapet.

I tilfeller hvor det foreligger spesielt usikre estimater eller skjønnsmessige vurderinger, er dette omtalt i de respektive notene.

1. Grunnlag for utarbeidelse

Årsregnskapet til Norges Bank er i henhold til sentralbankloven § 4-3, avlagt etter regnskapsloven og bestemmelser om årsregnskap mv. for Norges Bank (bestemmelsene), fastsatt av Finansdepartementet.

Bestemmelsene krever at Norges Banks regnskap skal utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som fastsatt av EU, med de tillegg og unntak som følger av regnskapsloven og bestemmelsene. Dette innebærer i hovedsak at resultatet for investeringsporteføljen og resultatet tilordnet SPU-kronekonto skal presenteres på egne linjer i resultatregnskapet, nettoverdi av investeringsporteføljen og saldo SPU-kronekonto skal presenteres på egne linjer i balansen, innskudd og uttak fra SPU-kronekonto skal presenteres på egne linjer i kontantstrømpoppstillingen og at regnskapsrapporteringen for SPU skal presenteres i egen note i Norges Banks årsregnskap, se [note 20 Statens pensjonsfond utland \(SPU\)](#). Se også avsnitt 4.2 *Datterselskaper* nedenfor vedrørende konsolideringen av enkelte datterselskaper inn i SPU.

Oppstillingen av resultatregnskapet er presentert på den måten som gir mest relevant informasjon omkring den finansielle inntjeningen.

Årsregnskapet utarbeides med regnskapsavslutning pr. 31. desember. Det er presentert i norske kroner og, om ikke annet er angitt, avrundet til nærmeste million. Avrundingsdifferanser kan forekomme.

2. Endringer i regnskapsprinsipper, herunder nye og endrede standarder og fortolkninger i perioden

De anvendte regnskapsprinsippene er konsistente med prinsippene i forrige regnskapsår. Det er ingen nye eller endrede IFRS-standarder og fortolkninger som har trådt i kraft for regnskapsåret som startet 1. januar 2022 som har hatt vesentlig påvirkning på regnskapet.

3. Nye og endrede standarder og fortolkninger med virkning fra 2023 eller senere

Vedtatte IFRS-standarder, endringer i eksisterende standarder og fortolkninger som er utgitt med ikrafttredelsesdato fra 2023 eller senere, forventes å være uvesentlige eller ikke relevante for regnskapsrapporteringen på implementeringstidspunktet.

4. Regnskapsprinsipper som gjelder hele regnskapet

4.1 Finansielle eiendeler og forpliktelser

Innregning og fraregning

Finansielle eiendeler og forpliktelser innregnes i balansen ved inngåelse som part i instrumentets kontraktsmessige betingelser.

Finansielle eiendeler fraregnes når de kontraktsmessige rettighetene til kontantstrømmene utløper, eller når de finansielle eiendelene og det vesentligste av risiko og fordeler ved eierskap til eiendelene, er overført. [Se note 9 Utlån og innlån med sikkerhetsstillelse](#) og [note 20.13 Utlån og innlån med sikkerhetsstillelse](#) for spesifisering av overførte eiendeler som ikke er fraregnet.

Finansielle forpliktelser fraregnes når de har opphørt, det vil si når pliktene angitt i kontraktene er oppfylt, kansellert eller utløpt.

Kjøp eller salg av en finansiell eiendel i henhold til en kontrakt med oppgjør i tråd med normale markedsvilkår, regnskapsføres på avtaletidspunktet.

Klassifisering og måling

Finansielle eiendeler klassifiseres basert på forretningsmodellen som ligger til grunn for forvaltningen av eiendelene, samt egenskapene ved de kontraktsfestede kontantstrømmene.

Investeringsporteføljen til SPU forvaltes i samsvar med forvaltningsmandatet fastsatt av Finansdepartementet, investeringsmandatet fastsatt av hovedstyret i Norges Bank og investeringsstrategier fastsatt av ledelsen i NBIM. Disse mandatene og strategiene, inkludert risikostyringsstrategiene, innebærer at alle finansielle eiendeler styres og følges opp på grunnlag av virkelig verdi. SPUs finansielle eiendeler er derfor målt til virkelig verdi over resultatet.

Valutareservene forvaltes i samsvar med prinsippene fastsatt av hovedstyret og styres og følges opp på grunnlag av virkelig verdi. Øvrige finansielle eiendeler er målt til amortisert kost.

Finansielle forpliktelser er målt til amortisert kost, med unntak av de finansielle forpliktelser øremerket til virkelig verdi over resultatet. Dette gjelder finansielle forpliktelser integrert i valutareservene som styres og følges opp på grunnlag av virkelig verdi. For SPU er finansielle forpliktelser, med unntak av *Skyldig forvaltningsgodtgjøring*, integrert i investeringsporteføljen som styres og følges opp basert på virkelig verdi, og er derfor øremerket til virkelig verdi over resultatet. *Skyldig forvaltningsgodtgjøring* er målt til amortisert kost.

Finansielle derivater er målt til virkelig verdi over resultatet.

For ytterligere spesifisering av klassifisering av instrumenter, se [note 6 Måling](#) og tabell 6.2 *Klassifisering av finansielle instrumenter*.

Nedskrivninger

